



**Kommunal temaplan
for idrett og
fysisk aktivitet
2023-2026**



Innhald

1. Innleiing	5
1.1 Om innhaldet i planen	5
1.2 Omgrep og definisjonar	5
1.3 Om planprosessen	6
2. Status og generelle utviklingstrekk	7
2.1 Folketal i dag og framover	7
2.2 Kommunale tilskot	8
2.2.1 Kommunale tilskot til idrett og fysisk aktivitet.....	8
2.2.1.2 Kommunale driftstilskot til idrettslag.....	9
2.2.1.3 Kommunale driftstilskot til frivillige lag og foreiningar	9
2.3 Oppsummering av status per 2022	10
2.3.1 Regionale organisasjonar og aktivitetar	10
2.3.1.1 Liste over felles lag og organisasjonar.....	10
2.4 Regionale anlegg	10
2.5 Kommunevise organisasjonar og aktivitetar	12
2.5.1 Medlemskap i organisasjonar innan idrett og fysisk aktivitet (2022)	12
2.6 Kommunevise anlegg	12
2.6.1 Anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Midt-Gudbrandsdalen	12
2.7 Oppsummering og vurdering av viktige hendingar i siste planperiode	13
2.7.1 Regionale samarbeidstiltak	13
2.7.2 Kommunevise tiltak.....	14
2.7.2.1 Ringebu.....	14
2.7.2.1.1 Kva skjedde i førre planperiode	14
2.7.2.1.2.1 Nye aktivitetar/tiltak og anlegg i siste planperiode 2019-2023	16
2.7.2.2 Sør-Fron.....	17
2.7.2.2.1 Kva skjedde i førre planperiode	17
2.7.2.2.2 Nye aktivitetar/tiltak og anlegg.....	18
2.7.2.3 Nord-Fron	18
2.7.2.3.1 Kva skjedde i førre planperiode	18
2.7.2.3.2 Nye aktivitetar/tiltak og anlegg.....	19
3. Visjonar og mål	20

3.1 Visjon	20
4. utfordringar, moglegheiter og behov	21
4.1 Generelt om utfordringar og behov	21
4.2 Motiverande tiltak for fysisk aktivitet	22
4.3 Utbygging, drift og vedlikehald av anlegg	22
4.4 Finansiering og utbygging.....	23
4.4.1 Friluftslivsanlegg	23
4.4.1.1 Dagsturhytta	23
4.4.1.2 Skiløyper	24
4.4.1.3 Friluftslivets ferdselsårer	24
4.4.2 Idrettsanlegg	24
4.4.3 Kommersielle anlegg	25
4.5 Generelt om planlegging og utbygging	25
5. Vurdering av aktivitetar og anlegg i framtida.....	25
5.1 Nasjonalanlegg	25
5.1.1 Kvitfjell alpinanlegg	25
5.2 Regionale aktivitetar	26
5.2.1 Stolpejakt.....	27
5.3 Regionale anlegg	28
5.3.1 Gålå alpinanlegg	28
5.3.2 Gålå idrettsanlegg, langrenn/skiskyting	28
5.3.3 Jordalen hoppanlegg, Nord-Fron	28
5.3.4 Skiløyper	29
5.3.5 Flatmoen skøytebane	29
5.3.6 Turstiar	30
5.3.7 Frya luftsportsarena	30
5.3.8 Frya hestesportsenter	31
5.3.9 Vinstra motorsportarena.....	32
5.3.10 Fron badeland	32
5.3.11 Kunstgrasbaner	33
5.3.12 Skytebaner.....	33
5.3.13 Gang- og sykkelveggar.....	34

6. Kommunevise tiltak.....	34
6.1 Ringebu.....	34
6.1.1 Framtidige aktivitetar i Ringebu.....	34
6.2 Sør-Fron.....	39
6.2.1 Framtidige aktivitetar i Sør-Fron.....	39
6.2.2 Framtidige anlegg i Sør-Fron.....	40
6.3 Nord-Fron.....	43
6.3.1 Framtidige aktivitetar i Nord-Fron.....	43
7. Handlingsplan: prioritering av tiltak og anlegg.....	43
7.1 Regionale anlegg.....	43
7.2 Kommunevise anlegg.....	44
7.2.1 Ringebu.....	44
7.2.1.1 Aktivitetar.....	44
7.2.1.2 Prioritering anlegg Ringebu.....	45
7.2.2 Sør-Fron.....	45
7.2.2.1 Aktivitetar.....	45
7.2.2.2 Prioritering anlegg Sør-Fron.....	46
7.2.3 Nord-Fron.....	46
7.2.3.1 Aktivitetar.....	46
7.2.3.2 Prioritering anlegg Nord-Fron.....	47
8. Vedlegg.....	47

Forsideillustrasjon og illustrasjonar: Krible Design/Åsne Flyen

1. Innleiing

1.1 Om innhaldet i planen

Denne planen er utarbeidd i samarbeid mellom kommunane Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron. Planen drøftar utfordringar, fastset mål og prioriterer tiltak når det gjeld idrett og fysisk aktivitet i dei tre kommunane dei komande fire åra. Planen legg stor vekt på å leggje til rette for felles tiltak, men legg også vekt på at ein del tiltak må løysast meir lokalt i kvar enkelt kommune eller nærmiljø.

Planen avløyser felles kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2018-2022 for Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron kommunar.

Temaplanen byggjer på dokument og informasjon frå Oppland fylkeskommune, Folkehelseinstituttet, Kulturdepartementet, og anna offentleg statistikk. Det er henta data frå lokale undersøkingar som til dømes UngData og frå nasjonale styrande dokument. Lenker til desse publikasjonane finn du lengst bak i dokumentet.

Formålet med planen er å prioritere tiltak innan idrett og fysisk aktivitet innafor kvar enkelt av dei tre kommunane i Midt-Gudbrandsdalen, og prioritere tiltak og prosjekt som er eller kan bli felles for to eller tre av desse kommunane. Det er også eit formål å prioritere kommunale og regionale aktivitetar og anlegg som utgangspunkt for søknad om spelemidlar.

Det er krav frå kulturdepartementet at alle anlegg det blir søkt om spelemidlar til må vera inkludert i ein kommunal politisk vedtatt plan for idrett og fysisk aktivitet.

1.2 Omgrep og definisjonar

Desse definisjonane er lagde til grunn i planen:

Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, bl.a. friluftsliv og aktivitetar prega av leik.

Friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøendring og naturopplevingar.

Idrett er organisert aktivitet i form av trening eller konkurranse.

I planen bruker vi omgrepet **Regionale anlegg**. Med det meiner vi samarbeidsanlegg på tvers av kommunegrensene. Dette må ikkje forvekslast med omgrepet **Interkommunale idrettsanlegg**, i dei statlege spelemiddelføresegnene. I Midt-Gudbrandsdalen har vi berre eitt slik interkommunalt anlegg, Fron badeland.

1.3 Om planprosessen

Arbeidet med felles kommuneplan for Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron har tatt utgangspunkt i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2019-2022 for Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron kommunar. Denne gjaldt til 31.12.22. Dei tre kommunane i Midt-Gudbrandsdalen har hatt slik felles plan for idrett og fysisk aktivitet sidan 2008.

Det vart etablert ei gruppe som har arbeidd med planen:

Anne B. Vestad, kulturleder i Ringebu kommune

Bjørn Kjellsson Sletten, kulturleiar i Sør-Fron kommune

Ingebjørg Teigmoen Bergum, kulturkoordinator i Nord-Fron kommune

Planarbeidet vart annonsert og aktuelle lag og organisasjonar vart varsla i brev av 23.3.22, med frist for å kome med innspel til 25. mai 2022. Aktuelle lag og organisasjonar som ikkje har sendt innspel har vore kontakta direkte. Det har vore noko ulik inkludering i kommunane, men temaplanen har og vore løfta inn i møter med Idrettsråd for å få innpel, samt i møte med Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Ringebu.

Arbeidsgruppa har utarbeidd planforslaget i juni – september 2022. Politisk behandling i dei tre kommunane vart gjort i oktober 2022 og planforslaget lagt ut på offentlig høyring. Planforslaget har og vore lagt fram for politiske råd og utval i kommunane. Planen vart sluttbehandla og vedtatt i dei tre kommunestyra i desember 2022 (Nord-Fron, k-sak 106/22, Sør-Fron, k-sak 105-22 og Ringebu, k-sak 086/22).



2. Status og generelle utviklingstrekk

2.1 Folketal i dag og framover

Alle tre kommunane har hatt nedgang i folketalet i mange år. Tabellen nedanfor viser også at det har vore ein befolkningsnedgang i dei tre kommunane dei siste 5 åra.

Utviklinga har vore slik:

Kommunar	2012	2018	2022	Prognose 2030
Ringebu	4 561	4 449	4 396	4 276
Sør-Fron	3 199	3 128	3 145	3 033
Nord-Fron	5 790	5 746	5 600	5 389
Sum	13 550	13 323	13 114	12 698

Når det gjeld framtida peiker prognosane på ei fortsatt nedgang i folketalet. Den verkeleg dramatiske utviklinga ser ein likevel fyrst når ein ser på fødselstala i dei tre kommunane:

	1990	1995	2001	2005	2010	2017	2022
Ringebu	55	51	41	43	38	32	41
Sør-Fron	51	41	30	29	46	18	24
Nord-Fron	74	65	55	59	52	35	40
Sum	180	157	126	131	136	85	105

I 1990 var fødselstalet i Midt-Gudbrandsdalen 180, mot 105 i 2022. På snautt 30 år er det ein markant nedgang. Dette vil ikkje minst måtte få konsekvensar for breiddeidretten, tilskot til lag og foreiningar og moglegheitene for utbygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Det er likevel gledeleg å registrere at i inneverande år, er tala meir positive. Det er også nokså lik aldersfordeling i dei tre kommunane. Samanlikna med heile landet er ein forholdsvis stor del av

innbyggjarane 80 år eller eldre, medan forholdsvis få er under 20 år. Dette skapar behov for at det særleg blir lagt til rette for fysisk aktivitet for eldre. Men det er ulike utfordringar i ulike




aldersgrupper. Tal frå UngData-undersøkinga syner mellom anna at vi har utfordringar med mykje inaktivitet blant barn og unge, overvektsproblematikk og tidleg alkoholdebut.

2.2 Kommunale tilskot


2.2.1 Kommunale tilskot til idrett og fysisk aktivitet

Ved tidlegare rulleringar av temaplan for idrett og fysisk aktivitet, har vi presentert oversikt over tilskot til idrett og fysisk aktivitet separat for dei tre kommunane. Dette har vore gjort fordi det i dei tre kommunane har vore teke med ulike utgiftspostar i sine utrekningar. Denne planen presenterer ei samla samanlikning, basert på innrapporterte KOSTRA-tal frå dei tre kommunane.

2.2.1.1 Netto driftsutgifter til idrett per innbyggjar




2.2.1.2 Kommunale driftstilskot til idrettslag



	2018	2019	2020	2021
Sør-Fron	300	575	254	258
Nord-Fron	2 544	1 072	894	698
Ringebu	481	2 315	456	449
Kostragruppe 02	14 724	18 797		
Landet uten Oslo	394 923	402 238	416 576	462 015

2.2.1.3 Kommunale driftstilskot til frivillige lag og foreninger



	2018	2019	2020	2021
Sør-Fron	145	157	233	171
Nord-Fron	618	572	540	408
Ringebu	939	1 087	1 159	1 502
Kostragruppe 02	14 050	15 953		
Landet uten Oslo	227 564	228 142	237 772	285 043

2.3 Oppsummering av status per 2022

2.3.1 Regionale organisasjonar og aktivitetar

Tradisjonelt har aktivitetane vore organisert kommunevis og lokalt, ofte heilt ned på grendenivå. Dei siste ca. 30 åra har dette endra seg mykje, og vi har i dag mange felles lag og organisasjonar for fleire kommunar. Det er registrert 16 organisasjonar som dekkjer to eller tre av midtdalskommunane, og som såleis kan kallast regionale eller felles tiltak.

I tillegg har Nord- og Sør-Fron samarbeid om fotball- og skitilbod for barn/unge.

2.3.1.1 Liste over felles lag og organisasjonar

Felles lag og organisasjonar	Medlemstal		Område
	2018	2022	
DNT Gudbrandsdal	1122	1091	Gudbrandsdalen
Peer Gynt Alpklubb	-		Midtdalen
NMK Midt-Gudbrandsdal	245		Midtdalen
Midt-Gudbrandsdal ride- og kjøreklubb	95	159	Midtdalen
Fron ride- og kjøreklubb	51		Fron
Fron Sportsklubb (håndball og fotball)	ø90	166	Fron
Fron badmintonklubb	16		Fron
Skåbu/Tverrbygda/Espedalen IL	106		Fron
Laugen bueskytterklubb	63		Midtdalen
Lågen cykleklubb	151	0	Midtdalen
Skøytegruppa i Sør-Fron IL	-	-	Midtdalen
Fron svømmeklubb	130	183	Fron
Vinstra innebandyklubb	96		Fron
Vinstra Pistolklubb	-	-	Fron
Samarbeid fotball, 13-19 år (FF 2010) *	300		Fron
Samarbeid ski (Fron Ski) *			Fron
Midt- Gudbrandsdal karateklubb	10		Midtdalen
Gudbrandsdal Flyklubb, Frya luftsportarena	49	46	Gudbrandsdal

* samarbeid mellom klubbar i Nord- og Sør-Fron med eige styre

2.4 Regionale anlegg

Ein del anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Midt-Gudbrandsdalen kan kallast regionale anlegg. Dette er anlegg som har brukarar frå fleire enn ein kommune, gjerne også brukarar utanom regionen.

Dette må ikkje forvekslast med omgrepet **Interkommunale idrettsanlegg**, slik dette er definert i dei statlege spelemiddelføresegnene. Her heiter det at:

«Interkommunale idrettsanlegg kan få et tillegg på 30 % av ordinært tilskudd forutsatt at følgende vilkår er oppfylt:

1. Anlegget er et større, kostnadskrevende anlegg, f.eks. svømmeanlegg eller idrettshall.
2. Det er inngått bindende skriftlig avtale mellom to eller flere kommuner vedrørende investering og drift. Avtalen må inneholde følgende elementer:

a) Hver deltagende kommune skyter inn minimum 5 % av anleggets godkjente kostnad i investeringstilskudd. Kommunenes tilskudd må dokumenteres.

b) Enten at hver deltagende kommune skyter inn minimum 5 % av anleggets faktiske driftskostnader i årlige driftstilskudd i 20 år. Driftstilskuddet kan ikke begrenses til et nominelt beløp gjennom 20-årsperioden.

Eller at hver deltagende kommune stiller garanti som dekker minimum 5 % av faktiske, årlige driftsunderskudd for anlegget. Den kommunen som står som søker/anleggseier, skal stille garanti slik at den dekker hele driftsunderskuddet etter fradrag for øvrig deltagende kommune(r)s garantidekning. Garantiene skal samlet dekke 100 % av faktiske, årlige driftsunderskudd for anlegget i 20 år.»

I Midt-Gudbrandsdalen har vi berre eitt slik interkommunalt idrettsanlegg: Fron badeland. Fron Badeland er eigd av dei to Fronskommunane. Fleire anlegg er eigd av enkeltkommunar, nokre er eigd av idrettslag og reiselivsbedrifter, andre av selskap eigd av reiselivsbedrifter og idrettslag og kommunar saman. Skiløyper, turstigar, turkart og tilrettelagte friluftaktivitetar går ofte gjennom fleire kommunar. Mange av anlegga er blant anna finansiert ved hjelp av statlege spelemidlar og kommunale tilskot. Dei regionale anlegga er lista opp nedanfor.

- Gålå/Valsfjell Alpinanlegg, Sør-Fron
- Gålå idrettsanlegg, (langrenn og skiskyting), Sør-Fron
- Jordalen hoppanlegg, Nord-Fron
- Vinstra motorsportarena, Nord-Fron
- Skiløyper, samanhengande nett aust og vest for Gudbrandsdalen, i to område i alle tre kommunane.
- Flatmoen skøytebane, Sør-Fron
- Pilgrimsleia, alle kommunane
- Turstigar og turkart i alle kommunar
- Frya luftsportarena
- Frya hestesportanlegg, Ringebu
- Kåja idrettspark, Nord-Fron
- Trøstakermoen sentralskytebane, utendørs skytebane og innendørs skytehall

I tillegg til desse har vi eitt anlegg som klassifiserer som Interkommunale idrettsanlegg:

- Fron badeland, Sør-Fron

Vi har også eitt nasjonalanlegg:

- Kvitfjell Alpinanlegg, Ringebu

2.5 Kommunevise organisasjoner og aktiviteter

Aktiviteten og medlemstalet varierer, men det er generelt stor aktivitet i den enkelte kommune. Dette går fram av vedlegg 1 der det er liste over alle lag og organisasjonene, og medlemstal i dei tre kommunane.

2.5.1 Medlemskap i organisasjoner innan idrett og fysisk aktivitet (2022)

Kommune	Ringebu	Sør-Fron	Nord-Fron
Medlemskap	1349	1329	2409

2.6 Kommunevise anlegg

I tillegg til dei regionale anlegga, er det i kvar kommune ei rekke anlegg både innan idrett og friluftsliv. Omfanget og kvaliteten på desse anlegga varierer sterkt, og nokre anlegg som fotballbanar og lysløyper fins det fleire av i kvar kommune. Det er bygd ut mange nærmiljøanlegg i siste perioden slik at det er tilrettelagt for uorganisert aktivitet, særleg ved skulane rundt omkring.

2.6.1 Anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Midt-Gudbrandsdalen

I tabellen nedanfor ynskjer vi i grove trekk å vise kva for type anlegg som finst i dei tre midtdalskommunane. Dei regionale anlegga er også teke med her under den kommunen dei er lokalisert, likeeins interkommunale idrettsanlegg og nasjonale anlegg.

Anlegg	Ringebu	Sør-Fron	Nord-Fron
Symje/badeanlegg	(kommunalt) (reiseliv)	1 (kommunalt) 2 (reiseliv)	3
Løpebaner	0	1	2
Fotballbaner	6	5	8
Skytebaner	3	2	6
Skiskytteranlegg	0	1	1
Lysløyper	2	4	4
Hoppbakker	0	0	2
Alpinanlegg (heisar)	15	6	1
Idrettshallar	1	1	2
Gym.salar på skular	3	3	4
Gym.salar på samfunnshus	0	0	2
Idrettshus/klubbhus	2	9	13
Hestesportanlegg	1	2	3
Tennisbaner	1	1	2
Motorsportanlegg	1 nærmiljø trail	0	2
Skøytebaner	0 (2 på skolar når vær tillater)	1	1
Nærmiljøanlegg/ballbinger	9	6	8
Orienteringskart	25	11	8

Andre anlegg	0	1	4
Turstigområde	25	11	11
Skiløypeområde	4	4	7
Badeplassar/rastepl/båt	7	5	6
Hytter	4	8	8

2.7 Oppsummering og vurdering av viktige hendingar i siste planperiode

2.7.1 Regionale samarbeidstiltak

- Fron badeland
- Kåja idrettspark, kunstgrasbane og friidrettsanlegg
- Vinstra motorsportarena
- Jordalen hoppanlegg
- Gålå idrettsanlegg
- Trøstakermoen sentralskytebane
- Peer Gynt-stien, Skei – Dalseter
- 3D jaktstigar for bogeskyting i Sødorp
- Pilegrimsleia
- Kano og kajakk-moglegheiter
- Fjellklatring, Kantlia
- Skiløyper Vestsida-Kvitfjell-Gålå-Skei
- Friluftslivets ferdselsårer

Arbeidet med å planleggje Vinstra motorsportarena starta i 2004 og er vidareført som regionalt tiltak. Banane er teke i bruk, og dette er allereie og vil bli eit viktig anlegg for alle motorsportinteresserte i Midt-Gudbrandsdalen. Det er bygd klubbhus. I planane ligg også garderobe-, lager- og verkstadbygg – desse bygga er ikkje realisert enda.

Sør-Fron IL, Harpefoss IL, Ruste IL, Vinstra IL og Tormod skilag har i fleire år arbeidd med å ruste opp Gålå idrettsanlegg. Kommunane Nord-Fron og Sør-Fron er medeigarar i Gålå idrettsanlegg AS. Det er bygd Skistuggu og snøproduksjonsanlegg. Det har vore fleire større nasjonale arrangement i anlegget. I 2014 og 2017 arrangerte Gålå idrettsanlegg ski-NM del 2, og i 2019 var anlegget arrangør for hovudlandsrennet. Det skjer også i 2024. Satsinga på Gålå har også resultert i utbygging av hoppanlegg i Jordalen i Nord-Fron, eit anlegg som har fått kommunal støtte frå alle tre kommunane. Anlegget er eit komplett rekrutteringsanlegg for skihopping.

Det er etablert samarbeid mellom lag i Sør- og Nord-Fron i høve satsing på ski (Fron Ski), og Fron fotball er i løpet av førre planperiode etablert som eigen klubb med eget styre, etter å ha vore samarbeidsklubb tidlegare. Fotballen og handballen er frå 2022 slått saman under namnet Fron sportsklubb.

Nord-Fron og Sør-Fron kommunar samarbeidde om å bygge Fron badeland på Harpefoss, som stod ferdig vinteren 2010. Dette har blant anna resultert i stiftinga av Fron svømmeklubb som har mange medlemmar frå dei to Fronskommunane, og stor aktivitet.

Ringebu og Fåvang skytterlags etablering av innandørs skytehall på Trøstakermoen sentralskytebane i Ringebu vart ferdigstilt i 2022. Det er etablert innandørs skytehall med 20 skiver på 15 meters bane, sosialt rom og nytt inngangsparti og toalett tilerettelagt med universell utforming. RFS har høyt medlemstal og er ein svært aktiv klubb, dei har også fleire medlemmar frå nabokommuneane.

2.7.2 Kommunevise tiltak

2.7.2.1 Ringebu

2.7.2.1.1 Kva skjedde i førre planperiode

I samsvar med planen 2019-2022 er følgjande gjennomført

Aktivitet:

- Vidareutvikle Ringebu som folkehelsekommune.
- Oppretthalde frivilligheita og gratis bruk av Ringebuhallen og gymsalar til idrettsaktiviter til lag og organisasjonar.
- Frisklivssenter med frisklivsretteljar på Freskus, trening individuelt og i grupper, kurs "Bra mat" og søvnkurs i samarbeid med Sør- og Nord-Fron.
- Freskus med treningstilbod til alle aldersgrupper og som «Rent senter».
- Bassentrening for vaksne, lågterskeltibod i regi av helse og mestring.
- Turstiar – Kommunal temaplan for friluftslivets ferdselsårer for midt-dals kommunane er utarbeida.
- Gi støtte til idretten for å bygge og vedlikehalde baneanlegg og skiløypenett.
- Stisykling - Værfast AS har etablert miljø for stisykling.
- Stolpejakt. 60 stolpar i regi av Venabygdsfjellet vel på Venabygdsfjellet og 60 stolpar i resten av kommunen i regi av Ringebu kommune.
- Rabatterert heiskort til ungdom i Kvitfjell, avtale med Alpinco.

Anlegg:

- Alpinco: Kvitfjell alpinanlegg ubygging som nasjonalanlegg og turistanlegg.
- Ringebu Fåvang skytterlag: Innandørs skytehall på Trøstakermoen i Ringebu med sosialt rom og ombygging av inngangsparti med universell utforming (regionalt samarbeidsanlegg). Spelemiddelsøknad for tildelingsåret 2021 og 2022 er godkjent, men ikkje bevilga og må fornyast i 2023.
- Ringebu Fåvang fotballklubb: Fåvang stadion, klubbhus og garderobeanlegg, ordinært anlegg.
- Ringebu kommune: Ringebuhallen, skifte av halldekke, ordinært anlegg.

- Ringebu kommune: Ringebuhallen, ventilasjonsanlegg i dusj og garderober.
- Ringebu kommune: Ringebuhallen, universell utforming, tilgang til tribune.
- Ringebu Fåvang skiklubb: Nærmiljøanlegg, skileikområde ved Trabelia lysløype (delvis gjennomført)
- Ringebu kommune: Fåvang stadion, Ringebu kunstgressbane tiltak gummigranulat – mindre tiltak er gjennomført; spelarsluser for oppsamling av gummigranulat mellom bane og klubbhus, kumfilter i avløpskummar.
- Ringebu tur- og trimgruppe og Ringebu arrangement, frisbeegolf ved Ringebu skole og Ringebuhallen.

Følgjande prioriterte tiltak skildra i planen 2019-2022 er ikkje gjennomført:

- Ringebu kommune: Liten aktivitetspark ved Ringebu ungdomshus (utsett til 2023)
- Midt-Gudbrandsdal kjøre- og rideklubb: Frya hestesportsanlegg, isolere ridehall, m.m. sjå 5.3.8 (regionalt samarbeidsanlegg).
- Frya luftsportsenter, breiare og forlenga rullebane samt nyasfaltering (regionalt samarbeidsanlegg).
- Ringebu kommune: Ringebu skole, utbetring av gymsal og garderober (avventar gjennomført skulebruksanalyse).
- Ringebu kommune: Nærmiljøanlegg belysning, tuftepark Ringebu ungdomsskole.
- Ringebu Fåvang fotballklubb: Nærmiljøanlegg ved Fåvang stadion, tuftepark o.a.
- Ringebu tur- og trimgruppe og Ringebu arrangement: Nærmiljøanlegg med tufteparkanlegg langs Vaala elv.

På tross av pandemien har det i planperioden vore fokus på folkehelsearbeid, fysisk aktivitet gjennom idrett og friluftsliv. I Ringebu er det eitt allianseidrettslag med fire aktive lag: Ringebu Fåvang skiklubb, Ringebu Fåvang fotballklubb, Ringebu Fåvang håndballklubb, Ringebu Fåvang Tur- og trimklubb. Allianseidrettslaget er ikkje i drift og skal leggest ned.

Ringebu idrettsråd omfattar alle klubbane: Ringebu Fåvang skiklubb, Ringebu Fåvang fotballklubb, Ringebu Fåvang håndballklubb, Ringebu Fåvang Tur og trimklubb, Ringebu- Fåvang Trialklubb, Ringebu, Midt-Gudbrandsdal kjøre og rideklubb, Sør-Vekkom Lauparlag, Ringebu-Fåvang Pistolklubb, Ringebu-Kvitfjell Brettklubb og Gudbrandsdal flyklubb.

Ringebu-Fåvang skytterlag er organisert under Norges skyttervesen.

Klubbane engasjerer for det meste barn og unge, men innan ein del av klubbane finn vi også aktive vaksne. Ringebu-Fåvang skytterlag har høg grad av vaksne medlemmar. Det nyoppretta lauparlaget har flest vaksne medlemmar.

Tur- og trimklubben har den eldste medlemsmassen og klubben sine toppturar engasjerer folk i øvre aldersgruppe. Det er lagt til rette for «10 toppturar» med utlagte besøksbøker i kasse på toppane. Tur- og trimgruppa arrangerer også faste turar gjennom sommarmånadene.

Kvitfjell alpinklubb ligg «på vent» da dei for tida ikkje har aktive medlemmar. Alpinistar trenar med Peer Gynt alpinklubb.

Ringebu kommune satsar på folkehelse med tilrettelagte aktivitetar retta mot fysisk aktivitet for både tilsette i kommunen og innbyggjarar. Ringebu driftar frisklivssentral med eigen frisklivsretteleiar der tilbodet på frisklivssentralen er spesielt retta mot personar som har auka risiko for sjukdom eller har ei diagnose kor fysisk aktivitet, endra kosthald og søvnkurs har ein førebyggjande effekt.

Anna innafor friskliv: Bassengtrening i bassenget ved Ringebu ungdomsskole der treninga går føre seg i oppvarma vatn med eigen instruktør.

Treningssenteret Freskus har rundt 300 medlemmar i alle aldrar, alt frå dei som aldri har trena før til dei som driv aktivt med trening. I 2017 ble Freskus «Rent senter», og i samband med dette har Antidoping Norge gjennomført informasjonsmøte mot idrettslag og ungdomsskule og popup-informasjon på Freskus. Friskis&Svettis har eit variert tilbod med spinning og saltbrenning på Freskus.

Dei seks skilta nærturane i kommunen, tre turar med utgangspunkt frå Ringebu sentrum og tre turar med utgangspunkt frå Fåvang sentrum er populære nærturar. To av turane er tilrettelagt for universell utfomring. Temaplan for kartelegging av friluftslivets ferdeslårer med handlingsplan blir ein viktig arbeidsreiskap framover.

Destinasjon Venabygdsfjellet har hatt tilbod om stolpejakt i fleire år. I 2019 tok Ringebu kommune ansvaret for å opprette Stolpejakt i resten av kommunen, i tett samarbeid med utmarkslag og grunneigarlag som er den gjennomførande part i arbeidet. Til saman er det mogleik til å besøke 120 ulike stopelplasseringar i løpet av sesongen. Dette er også ein aktivitet som er lagt til rette med universell utforming til nokre av stolpane. Værfast er ein aktiv pådriver til Ringebu sine mogleikar for stisykling, ein del av turane blir arrangert i samarbeid med Ringebu sykkelgruppe.

Ringebu Fåvang Trialklubb har fått godkjent Lavik-gruva i Ringebu som ein nærmiljøbane for trialkøyning. Trialkøyning legg vekt på balanse og presisjon og går føre seg i låge hastigheiter.

2.7.1.2.1 Nye aktivitetar/tiltak og anlegg i siste planperiode 2019-2023

- Stolpejakt i regi av Ringebu kommune (tillegg til Venabygdsfjellet)
- Driftsstøtte til idrett vart dobla i 2021 og 2022. Ekstraordinært tilskot i samband med pandemien.
- Vidareutvikling av frisklivssentralen
- Prosjekt retta mot barn og unge med overvekt, samarbeid med Sør-Fron kommune
- Nytt hallgolv i Ringebuhallen
- Nytt klubbhus på Fåvang stadion
- Innandørs skytehall på Trøstakermoen sentralskytebane

- Kvitfjell – oppgradering av nasjonalløypa.

2.7.2.2 Sør-Fron

2.7.2.2.1 Kva skjedde i førre planperiode

I samsvar med planen 2018-2022 er følgjande gjennomført

Aktivitet:

- Vidareutvikle Sør-Fron som folkehelsekommune.
- Oppretthalde gratis bruk av Sør-Fron kulturhus og gymsalar til idrettsaktiviter for barn og unge.
- Frisklivssentralen med trening individuelt og i grupper, «Bra mat»-kurs og søvnkurs i samarbeid med Ringebu og Nord-Fron.
- Samlokalisering av aktivitetstilbud i nytt bygg – Hjertebanken – på Hundorp.
- Bassengtrening og lågterskeltilbod på Fron badeland.
- Kommunal temaplan for friluftslivets ferdselsårer for kommunane er utarbeida.
- Gi støtte til idretten for å bygge og vedlikehalde baneanlegg og skiløypenett.
- Stolpejakt. 60 stolper i regi av Sør-Fron kommune.
- Aktivitetskart og turforslag på Sør-Fron kommune sine nettsider
- Det er inngått samarbeidsavtale mellom Sør-Fron kommune og Sør-Fron idrettsråd.

Stolpejakten er vidareført som kommunalt folkehelsetiltak, og dei siste to åra har ein utvida til 60 stolpar. Ordninga blir vidareført i planperioden, og målet er 60 nye stolpepunkt kvart år. Det er eit ønske frå kommunen, dersom idrettslaga ønskjer det, at Stolpejakten kan vera eit samarbeid mellom kommunen og frivilligheita. Innspel går på at ein ønskjer ei oppdatering av Stolpejakten, gjennom å legge fleire stolpar i samanheng med kvarandre slik at det er mogleg å gå ein «runde» og ikkje berre fram og attende til ein stolpe. Da kan det og bli laga turforslag der ein er innom fleire stolpar i løpet av turen.

Sør-Fron kommune opna i 2022 Hjertebanken på Hundorp. I dette bygget er dei private fysioterapeutane, dei kommunale fysioterapeutane og Frisklivssentralen samlokalisert. Målet med samlokaliseringa var at Sør-Frons befolkning skulle få eit større og betre tilbod innafor fysisk aktivitet, rehabilitering og gruppetrening. Det har vore stor aktivitet i bygget sidan oppstarten i april 2022.

I 2021 stod teleskopamfiet ferdig i Sør-Fron kulturhus. Dette gir kommunen heilt nye mogleikar til fleirbruk av huset. Amfiet har vore planlagt sidan huset stod ferdig sist på 90-talet.

Dei siste åra har mykje av anleggsbygginga i Sør-Fron vore konsentrert omkring Gålå og Gålå idrettsanlegg. Investeringane i mellom anna snøproduksjonsanlegg og eigen smørehall har sett anlegget i stand til å arrangere store nasjonale konkurransar, som NM på ski (2014 og 2017) og

hovudlandsrenn (2019). Snøproduksjonsanlegget har også store ringverknader for reiselivsnæringa på Gålå, og samarbeid med Gålå turløyper gjer sitt til at ski og Gålå har vorte viktig også med tanke på folkehelse. I siste planperiode har anlegget vorte supplert med rulleskiløype og snølagringsanlegg, samt at dei har rehabilitert lysløypa (lysanlegget).

I førre planperiode vart pumtrackbane (nærmiljøanlegg) og sanitærbygg fullført i Brudalen, kloss inntil fotballanlegget. Kombinert med turmoglegheitene i Hardvollsmorka, Klokkarstranda og Skurdalsåa kulturstig er dette området nå eit ganske komplett tur- og aktivitetsområde.

Merking og skilting av turstigar rundt i kommunen vart gjennomført i førre planperiode. Gjennom prosjektet "Frå dal til fjell", som ski- og friidrettsgruppa i Sør-Fron IL drog i gang, har det vorte rydda og merka råk frå nede i dalføret og langt innover fjellet. Totalt er om lag 100 kilometer med turstigar merka i prosjektet.

Kommunen har laga eit eget aktivitetskart i google som er lenka opp mot heimesida. Her er også turkart og turforslag samla.

2.7.2.2.2 Nye aktivitetar/tiltak og anlegg

Anlegg:

- Sør-Fron kommune: Teleskopamfi/vidareutvikling av Sør-Fron kulturhus
- Sør-Fron kommune: Hjertebanken
- Harpefoss IL: Pumtrackbane i Brudalen
- Harpefoss IL: Sanitærbygg i Brudalen
- Gålå idrettsanlegg: Snølagringsanlegg på Gålå
- Gålå idrettsanlegg: Rulleskiløype på Gålå
- Gålå idrettsanlegg: Rehabilitering av lysløype
- Sør-Fron IL: Rehabilitering av lysanlegg, Flatmoen
- Gålå turløyper: Utbetring av løypetraser

Følgjande prioriterte tiltak skildra i planen 2018-2022 er ikkje gjennomført:

- Sør-Fron kommune: Utebasseng ved Fron badeland
- Sør-Fron kommune: Folkehelsepark ved Sør-Fron ungdomsskule
- Espedalen sti- og løypelag: Etablering av sykkelveg mellom Vassenden og Slangen

2.7.2.3 Nord-Fron

2.7.2.3.1 Kva skjedde i førre planperiode

I samsvar men planen for 2018 –2022 er følgjande gjennomført:

Aktivitet

- Kommunen har vidareført fri leige av kommunale bygg og anlegg til lag og organisasjonar som driv aktivitet for barn og unge. Lag og organisasjonar får framleis driftstilskot. Enkelte større idrettsarrangement får også økonomisk støtte.
- Det er i planperioden lagt til rette for meir friluftaktivitetar og lågterskeltilbod. Spesielt kan ein nemne Stolpejakten som er vorte svært populært
- Kommunen støttar framleis opp om skiløypekjøring.

Det er stor aktivitet i dei ulike laga og klubbane, og kommunen har eit breitt tilbod innafor både organisert og uorganisert aktivitet. Kommunen har anlegg som dekker dei aktivitetane vi har.

Kommunen har i heile planperioden hatt fri leige for ordinære kultur- og idrettsaktivitetar for barn og unge i kommunale lokale.

Fleire lag og organisasjonar har lagt ned stor innsats for å rydde, merke og vedlikehalde turstigar i heile kommunen – dette gir mange god anledning til enkelt å koma seg ut og i aktivitet.

Alle skulane har nærmiljøanlegg, anlegg som kan også brukast utanom skoletida.

Til friluftslivstiltak har det i planperioden vore gitt årlege tilskott til skiløyper, noko som i 2021 utgjorde kr. 750.000,-.

2.7.2.3.2 Nye aktivitetar/tiltak og anlegg

Anlegg:

- NMK Midt-Gudbrandsdal – Vinstra Motorsportarena – ferdigstilling av baneanlegg og klubbhus.
- Gålå idrettsanlegg – Jordalen hoppanlegg ferdigstilling av hoppbakkar (K10, K25, K45 og K75), heis og lysanlegg.
- Vestsida fotballklubb – ferdigstilling av baner, garderober og klubbhus.
- Vinstra idrettslag – ferdigstilling av pumtrackbane Kåja.
- Fron Thrasherteam – ferdigstilling av betongpark i Kåja.



3. Visjonar og mål

3.1 Visjon

Kommunane Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron skal leggje forholde slik til rette at alle innbyggjarane får rimeleg høve til å drive med fysisk aktivitet eller idrett utifrå egne føresetnader, interesser og behov. Det skal leggjast særleg vekt på tiltak som styrker folkehelse for folk flest, dvs. førebyggjande tiltak eller "lågterskelaktivitetar". Det skal vidare leggjast vekt på tiltak som er motiverande for barn og ungdom.

Når det ligg til rette for det, skal regionale tiltak prioriterast høgt.

I all planlegging og utbygging i Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron skal det leggjast til rette slik at fysisk aktivitet for innbyggjarane blir stimulert. I all tilrettelegging skal omsynet til miljøvern, natur og kulturlandskap tilleggjast stor vekt.

Regjeringa starta i 2019 eit eget prosjekt for å gi eit løft for ferdselsårene i friluftslivet, med formål å fremje eit nettverk av turstiar i kommunane. Eit viktig mål med prosjektet er at alle merka stiar og løyper skal bli lagt inn i Nasjonal database for tur- og friluftslivsruter. Sør-Fron, Nord-Fron og Ringebu kommunar har i løpet av 2022 fått utarbeidd ein plan for friluftslivets ferdselsårer for å ivareta og sikre dette viktige arbeidet.

Temaplan for idrett og fysisk aktivitet er tett knytt saman med øvrig planverk i dei tre kommunane, som omtalar idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv på ulike måtar i ulike kommunale planar. Vi syner her til kommuneplanens samfunnsdel i dei tre kommunane:

Nord-Fron (henta frå kommuneplanens samfunnsdel)

Nord-Fron kommune skal medvirke til å utvikle gode og engasjerte lokalsamfunn med eit allsidig og rikt kulturliv.

Slik skal vi gjera det:

- Stimulere organisasjonar som driv frivillig kulturarbeid gjennom rettleiing og tilskotsordningar.
- Leggje til rette og bidra til at det blir utvikla gode anlegg for kultur, idrett og friluftsliv

Sør-Fron (henta frå kommuneplanens samfunnsdel)

God helse er grunnlaget for godt liv. Sør-Fron er ein levande kommune der innbyggjarane trivst og «høyrer til» – eit trygt og inkluderande samfunn der det er kultur for å ta vare på andres og eigen fysiske og psykiske helse.

Sør-Fron kommune skal legge til rette for gode oppvekstvilkår, herunder tilgang på frisk luft, godt inn klima, sunt kosthold og fysisk aktivitet med fokus på å styrke den psykiske helse.

Planen peiker på konkrete tiltak, lågterskeltiltak for fysisk aktivitet, friluftslivets ferdselsårer og gode møteplassar. Kommunen skal tilrettelegge for at alle innbyggjarar kan delta aktivt på alle samfunnsarenaer. Kommunen skal involvere innbyggjarar og frivilligheita i større grad og tilrettelegge for gode møteplassar.

Ringebu (henta frå kommuneplanens samfunnsdel)

Framtidsbilde:

Ringebu har et rikt kulturliv – fra et bredt spekter av frivillige lag og foreninger til fyrårnarrangement er som setter Ringebu på kartet nasjonalt. Lokalsamfunnet legger til rette for, inviterer og oppfordrer til en aktiv fritid.

Ringebu skal videreutvikle Landsbyen Ringebu og Fåvang sentrum til attraktive sentra, med sine særpreg

Slik skal vi gjøre det:

bidra til god sentrumsutforming med gode møteplasser og forsterkning av positive særpreg.

Ringebu skal ha lett tilgjengelige opplevelser i naturen som inviterer til et aktivt liv.

Slik vil vi gjøre det:

Legge til rette for varierte muligheter for nærturer ut fra tettstedene.

Legge til rette for og markedsføre varierte muligheter for turer langs Lågen og i fjellområdene, både sommer og vinter.

Legge til rette for turstier og anlegg med universell utforming

Ringebu skal ha arenaer til ulike formål

Slik vil vi gjøre det:

Ha arenaer som ivaretar et variert kultur- og idrettsliv

4. utfordringar, moglegheiter og behov

4.1 Generelt om utfordringar og behov

Dei siste åra har det vore mykje fokus på at fysisk aktivitet verkar positivt på helse og trivsel. Fysisk aktivitet er viktig for folk si fysiske og psykiske helse.

Mange i samfunnet er lite fysisk aktive. Det er fleire grunnar til dette. Det kjem delvis av at dei har eit arbeid med lite fysisk aktivitet, og delvis av at dei i liten grad nyttar fritida til fysisk aktivitet. Mange barn og ungdommar brukar mykje meir tid på stillesittande inneaktivitetar enn lek og idrett ute. I Midt-Gudbrandsdalen har vi også ei utfordring med mykje busskjøring i tilknytning til skule, av di vi har store avstandar til skular og barnehagar.

Det blir ei sentral utfordringa i åra som kjem å leggje forholda til rette slik at langt fleire er fysisk aktive. Hovudinnsatsen bør derfor rettast inn på tiltak som kan få dei minst fysisk aktive til å bli meir aktive, lågterskelaktivitetar. Det må difor bli lagt til rette med gode stiar og gang- og sykkelveggar mellom bustadområde, skular, arbeidsplassar, ulike servicefunksjonar og i tur-/friluftsområde. Det krev også at gang- og sykkelvegane blir godt vedlikehaldne, sommar og vinter.

4.2 Motiverande tiltak for fysisk aktivitet

Det er viktig å motivere fleire til å bli fysisk aktive i daglege gjeremål og i fritida.

Å gå eller sykle til jobb, skule og fritidsaktivitetar er sunn og god trim. Tilrettelegging av gang og sykkelveggar, motivasjonskampanjar, idédugnad og samarbeid mellom lag/organisasjonar og barnehage/skule og andre aktørar for at barn og unge kan få prøve mange ulike ting er aktuelle tiltak.

4.3 Utbygging, drift og vedlikehald av anlegg

I rapporten «Statlig idrettspolitik inn i en ny tid», som det såkalla Fjørtoft-utvalet (Strategiutvalet for idrett) leverte til regjeringa i 2016, blir det peikt på nødvendigeita av behovsvurdering før igangsetting av bygging av anlegg. Signala frå statleg hald er sterke, når det gjeld kva type anlegg ein bør fokusere på i framtida. Her er det store kostnadskevjangande og lite tilgjengelege anlegg som er føringa, men eit auka fokus på mangfald, altså ulike typar anlegg, i umiddelbar nærleik av der folk bur. Dette blir gjort særleg for å fange opp fysisk inaktive, og da særleg blant yngre.

For å utøve slike lågterskelaktivitetar, trengst det ofte ingen eller berre enkle anlegg. Økonomisk styrking av eksisterande anlegg vil føre til auka aktivitet, også lågterskelaktivitetar.

For alle framtidige anlegg vil det vera påkrevd og nødvendig med ei grundig behovsvurdering jamfør «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet».



Å drifte og vedlikehalde mange av anlegga er kostbart, og det er ønske om at anlegg som er drifta av frivillige organisasjonar må bli styrka, og at storleik og kostnader må bli sett i samanheng med tildeling av driftsmidlar. Enkelte anlegg er også dårleg vedlikehalde. Det er derfor nødvendig å vurdere kor mange anlegg av ulike typar som dei tre kommunane har behov for, og bør ta seg råd til å halde ved like. Det må vurderast særskilt om enkelte anleggstypar bør vera **felles regionale anlegg**, i staden for kommunevise.

Det må avklarast om anlegg som ligg på kommunal grunn og blir drifta av frivillige organisasjonar

er ivareteke av for eksempel naturskadar.

Enkelte anleggstyper har vi mange av, blant anna fotballbaner og lysløyper. Dette har samanheng med at det tradisjonelt har vore stor aktivitet innan desse idrettane. Dersom ein ser på statistikken under kapittelet om folketalsutvikling (kap. 2.1) ser ein at ein konsekvens av dei stadig færre fødslane vil vera færre ungar til å vera med i lag, foreiningar og ulike idrettar. Sjølv om anlegg i dag kanskje vil ha nådd eit metningspunkt når det gjeld kapasitet, vil dette endre seg drastisk i åra som kjem. Det er derfor ei klar anbefaling at ein bør stille seg kritisk til å bygge nye anlegg innan desse kategoriane. Aktivitetsbilete og behov endrar seg også, og det er ikkje sikkert behovet er det same til kvar tid. Dette må ein ha for auga i planlegginga.

4.4 Finansiering og utbygging

4.4.1 Friluftslivsanlegg

Med friluftsanlegg meiner vi her i hovudsak turstiar, skiløyper og enkelte badeplassar.

4.4.1.1 Dagsturhytta

Dei tre kommunane har alle takka ja til invitasjonen frå Innlandet fylkeskommune om å få og sette opp ei såkalla Dagsturhytte i kommunen. Dagsturhytta skal vera eit turmål – eit lågterskeltilbod – som gjer at enda fleire kjem seg ut på tur.

Inntrykket er at mange i Midt-Gudbrandsdalen allereie held seg i form gjennom turgåing og anna trim. Mange er likevel fysisk inaktive i skule/jobb og fritid. Dette ser vi mellom anna i folkehelseprofilane for kommunane og i Ung Data-undersøkingane. Derfor er det viktig å stimulere til trim og fysisk aktivitet på eit lågterskelnivå. Dette er i tråd med tidlegare temaplanar for idrett og fysisk aktivitet.

4.4.1.2 Skiløyper

Det er særleg kostnadene ved drift og vedlikehald av preparerte skiløyper som er høge. For heile regionen dreier dette seg om fleire millionar kroner. Det meste av desse kostnadene blir i dag dekt av reiselivsnæringa og hytteinnbyggerane, og ein del av kostnadene blir dekt av idrettslag, grunneigarlag og tilskot i form av andelar og frivillige innbetalingar.

I tillegg gir dei tre kommunane i Midt-Gudbrandsdalen tilskot til skiløypepreparering på til saman Ringebu: 750 000 kr, Sør-Fron 235 000 kr, Nord-Fron 750 000 kr i 2022.

4.4.1.3 Friluftslivets ferdselsårer

Kommunane i Midt-Gudbrandsdalen har saman utarbeidd plan for friluftslivets ferdselsårer.

For å kunne legge til rette for eit godt tilbod av ferdselsårar for friluftslivet er det viktig at kommunane har kunnskap om kva ferdselsårer vi har, kva for behov desse har og korleis vi kan utvikle dei på ein bærekraftig måte for å skape meir aktivitet. Målet med prosjektet og planen er å kartlegge ferdselsårane for friluftsliv i kommunane, slik at dette blir tatt omsyn til i arbeidet med kommunale planar, vedtak og prioriteringar.

Kartlegging av friluftslivets ferdselsårer er eit verkemiddel for å identifisere, ivareta og utvikle stigar, turvegar, løyper og ledar som er viktige for vår utøving av friluftsliv, ved å ivareta og utvikle mogleikane for å utøve friluftsliv i nærmiljøet, slik at alle har mogleik til å vera fysisk aktive og oppleve natur i kvardagen (henta frå Miljødirektoratets rettleiar M-1292 2019). Grønnstrukturen og nærturområdene rundt tettstadane er viktige område for friluftslivet, og har mest bruk. I tillegg er skog- og fjellområda viktige friluftslivsområde, sommar som vinter. Mange stigar, skiløyper og turområde er allereie kjent i dag, men ikkje lagt inn i kartet digitalt. Kommunane i Midt-Gudbrandsdalen skal i samband med plan for friluftslivets ferdselsårer lage ei felles plattform kor det er enkelt å finne og navigere seg til desse friluftsområda.

4.4.2 Idrettsanlegg

Ein del idrettsanlegg er i kommunal eige og drift. Kommunal utbygging og drift har i hovudsak omfatta anlegg som dekkjer behovet til mange brukargrupper, og anlegg med stort investeringsbehov, store driftsutgifter og behov for fast tilsette.

Dei fleste slike anlegg er likevel eigd og blir drivi av frivillige organisasjonar som idrettslag og liknande, eller av reiselivsbedrifter. Når det gjeld dei ikkje kommersielle anlegga har kommunane oftast gitt tilskott til både utbygging og drift. Dette samarbeidet mellom det offentlege og det frivillige arbeidet gir stor positiv effekt og må halde fram.

4.4.3 Kommersielle anlegg

I dei tre kommunane finst det fleire reiselivsbedrifter som har bygd ut og driv anlegg som deira kundar/gjester og turistane har behov for. Dette gjeld dels tur- og skiløyper, dels alpinanlegg, tennisbane, svømmehall, men også andre typar anlegg og aktivitetstilbod. Enkelte av desse anlegga kan nyttast utan å betale for bruken, mens andre må ein betale for å bruke. Desse anlegga kan også nyttast av lokalbefolkninga, på like fot med turistane. Dette gir eit sterkt utvida tilbod til innbyggjarane, i forhold til det regionen elles ville hatt. Det er viktig å vidareføre det gode samarbeidet som er etablert mellom desse bedriftene og lokalbefolkninga, frivillige organisasjonar og kommunane.

Dei siste åra er det også etablert ulike former for treningsstudio som driv reint kommersielt, og desse tilboda har etter kvart vorte viktige for utøving av fysisk aktivitet i regionen.

4.5 Generelt om planlegging og utbygging

I arealplanlegginga må det også leggjast vekt på å få innarbeidd areal til dei ulike typane av idrettsanlegg og sikre attraktive friluftsområde. Der det blir planlagt for reiselivsutbygging, må ein sikre at areal og anlegg kan nyttast både av lokalbefolkninga og reiselivet.



5. Vurdering av aktivitetar og anlegg i framtida

5.1 Nasjonalanlegg

5.1.1 Kvitfjell alpinanlegg

Kvitfjell alpinanlegg har status som nasjonalanlegg i alpine fartsdisiplinar. Holdingselskapet Alpinco AS eig og driftar Kvitfjell alpinanlegg og Hafjell alpinksenter samt HafjellKvitfjell Booking og Gudbrandsgard hotell.

Sameiet Kvitfjell nasjonalanlegg (Alpinco, Ringebu kommune og Norges skiforbund) sin gjeldande nasjonalanleggsavtale gjeld til 30. juni 2024. Som nasjonalanlegg blir Kvitfjell tildelt årlege world-cuprenn i alpine fartsdisiplinar. World Cup blir arrangert av Hafjell Kvitfjell Alpin AS (eigarar er Innlandet fylkeskommune, Ringebu kommune, Norges skiforbund, Kvitfjell alpinanlegg AS, Øyer

kommune, Lillehammer kommune, Hafjell Alpinsenter AS, Oppland Skikrets, Visit Lillehammer AS).

Alpinanlegget har 14 heisar, til saman er det over 34 kilometer med nypreparerte bakkar med 854 høgdemeter frå topp til botn. Den lengste nedfarten er 3500 meter lang. Totalt 34 ulike alpinløypar.

Det vart investert om lag 150 mill. i KA fram til anlegget opna i 1992 i forkant av OL i 1994. I etterkant er det gjort investeringar både i vidareutvikling av nasjonalanlegget og utvikling på vestsida og Varden. Årlege vedlikehaldsinvesteringar i Nasjonalanlegget ligg på om lag 8-12 millionar kroner. I tillegg er det gjennomført fleire enkeltstående prosjekt for å forbetre anlegga:

- Utvidelse av vestsida i Kvitfjell med 75 mill. i 2007-2009
- Forbetring av World Cup-fasilitetane med 70 mill. i 2006-2016.
- I perioden 2016- 2022 er Varden utvikla med nye heisar og bakkar.

Sentrumsområdet mellom Vestsiden og Varden er under utvikling der Alpinco blant anna byggjer eit stort antall utleigesenger i prosjektet Yttersvingen. Investeringar i perioden 2016- 2022 beløper seg til 250 mill. Utbyggingstiltaka til nasjonalløypa er spelemiddelberettiga og som nasjonalanlegg blir det søkt det om spelemidlar direkte til kulturdepartementet. Departementet har sett i gang arbeid med å vurdere dei sju eksisterande nasjonalanleggsavtalane i Norge og regelverket som gjeld. Det er svært viktig for Sameiet Kvitfjell nasjonalanlegg å bevare status som nasjonalanlegg.

Kvitfjell alpinanlegg sitt samfunnsrekneskap betyr enormt mykje for Ringebu kommune og Midt-Gudbrandsdalen både som nasjonalanlegg, sportsanlegg, fritidsanlegg og ikkje minst utbygging av destinasjonen som reislivsdestinasjon.

Ringebu kommune sin økonomiplan for 2022-2025 føreset eit årleg tilskot på kr 500.000 til Sameiet Kvitfjell nasjonalanlegg og kr 250.000 årleg til utvikling av World cup ut året 2024 til Hafjell Kvitfjell Alpin. Det er viktig at kommunen har ressursar til å vidareføre støtteordning på dette nivået framover, samt arbeide for at dei øvrige kommunane i Midt-Gudbrandsdalen vil yte økonomisk støtte til World cup-arrangementet.

Konklusjon:

Vidare utvikling av Kvitfjell som idrettsanlegg og fornya status som nasjonalanlegg frå 1. juli 2024 blir prioritert høgt i kommande planperiode.

5.2 Regionale aktivitetar

Tidlegare hadde dei tre kommunane eit felles FYSAK-prosjekt. Det er noko ulikt korleis arbeidet med folkehelsearbeidet i dei tre kommunane er organisert i dag.

Felles er eit ønske om auka aktivitet for innbyggjarar flest. Dette skjer gjennom ulike tiltak for informasjon, motivasjon, organisering og fysisk tilrettelegging for auka fysisk aktivitet.

Erfaringane med dette har vore gode i når det gjeld ein del tiltak. Inntrykket er at mange i Midt-Gudbrandsdalen held seg i form gjennom turgåing og anna trim.

Det er ønskeleg å leggje til rette for at enda fleire sluttar seg til denne trenden. Dette kan gjerast ved at det offentlege motiverer og informerer om fordelane ved å vera fysisk aktiv og om dei tilbod og mogleikar som finst på området. Kommunane har gjennom felles arbeid retta mot sårbare barn og unge sett på mogleiken for å opprette ein eigen nettportal der tilbod frå alle lag og foreningar, samt kommunale aktivitetstilbod er samla. Det er eit ønske om å få dette opp og gå i løpet av neste periode.

Det er viktig å få med folk i alle aldersgrupper. Det bør vidare bli tilbod om gratis treningskveldar i idrettshallane. Ein kan også stimulere bedrifter, arbeidsplassar og ulike frivillige organisasjonar til å hjelpe til i motivasjonsarbeidet. Arbeidet kan få større slagkraft dersom dei tre kommunane samarbeider om tiltaket.

Personar med nedsett funksjonsevne bør bli prioritert med aktivitet, spesielt retta mot barn og unge. Det er få tilrettelagte tilbod i dag, utanom deltaking på t.d. skyting og svømming. Det bør satsast regionalt, da det er ein tilhøvesvis lita gruppe, med individuelle behov.

Det er også viktig at vi i komande planperiode ser på nye trendar som for eksempel stisykling som er ein aukande aktivitet både i dalbotn og på fjellet samt auka bruk av kajakk på elver og fjellvatn og legg til rette for og støttar opp om slike nye aktivitetar der det er behov. Gudbrandsdalslågen er blant anna eit eldorado for kajakk og anna vatnsport. Ulike tiltak innafor mange av desse idrettane er også spelemiddelberettiga.

Konklusjon:

Folkehelsearbeidet er godt i gang og arbeidet med å få barn, unge og vaksne i fysisk aktivitet må vidareførast. Det er viktig at alle tilboda som finst blir marknadsført samla og betre, gjennom ein felles nettportal. Det er viktig å sikre anleggsfasilitetar til dei største idrettane og legge til rette for fleire nærmiljøanlegg i sentrumsområda for å trigge fysisk aktivitet i kvardagen.

5.2.1 Stolpejakt

Det blir arrangert Stolpejakt i alle dei tre kommunane. Dette er eit svært enkelt og lite kostnadskrevjande folkehelseiltak som har vore ein stor suksess i alle tre kommunar.

Arbeidet er ulikt organisert i kommunane. I Ringebu (med unntak av Venabygda) og Sør-Fron er kommunen arrangør, mens i Nord-Fron er Stolpejakten eit samarbeid mellom fem idrettslag.

Konklusjon:

Stolpejakten bør vidareførast i alle tre kommunar, gjerne med kommunale økonomiske bidrag.

5.3 Regionale anlegg

Sjølv om dei fleste regionale anlegga er forholdsvis nye og har god kvalitet, er det likevel behov for å fornye og utvikle dei vidare i takt med tida sine krav. I tillegg er det fleire andre anlegg det kan vera behov for å etablere og utvikle. Vi ser at det er svært nødvendig med samarbeid på tvers av både lag og organisasjonar, men også på tvers av kommunegrensar, dersom ein skal få realisert større anlegg i regionen. Fron badeland er eit godt døme på dette.



med å få bygd snøproduksjonsanlegg i lysløypa. I siste periode er det bygd snølagringsanlegg, rullerløype og smørehall.

Gålå idrettsanlegg ønskjer å ta på seg større langrennsarrangement i framtida og har mellom anna arrangert NM del 2 to gonger. Det ligg føre vidare planar for utvikling av dette anlegget.

Konklusjon:

Vidare utvikling av Gålå idrettsanlegg slik at dei er godt rusta for å ta på seg nasjonale konkurransar bør prioriterast høgt.

5.3.3 Jordalen hoppanlegg, Nord-Fron

Sommaren 2018 starta arbeidet med utbygging av eit komplett rekrutteringsanlegg for skihopp i Jordalen, i regi av Gålå idrettsanlegg. Nærleiken til Gålå er gunstig i forhold til å utvikle Gålå som

5.3.1 Gålå alpinanlegg

Bortsett frå utfor dekkjer anlegget dei fleste alpine greiner. Det er ikkje planar om utviding av dette anlegget. Anlegga på Gålå er først og fremst brukt til uorganisert ski- og brettaktivitetar for turistar og fastbuande i dei to fronskommunane. Men anlegga blir også brukt til tevlingar i telemarkkjøring og snøbrett.

Konklusjon:

Det er ikkje aktuelt å prioritere bruk av offentlege midlar til alpinanlegga på Gålå i komande planperiode.

5.3.2 Gålå idrettsanlegg, langrenn/skiskyting

Det er her eit godt anlegg for langrenn og skiskyting. Fem idrettslag i Fron er eigarar og drivarar av anlegget. Brukarane kjem særleg frå Fron. Dei siste åra har anlegget vore brukt til nasjonale treningssamlingar og konkurransar. I 2009 vart "Skistuggu" bygd i tilknytning til anlegget. Huset inneheld sekretariat, møterom, garderobe og dusjanlegg. I 2012 vart arbeidet

vintersportstad. Anlegget inneheld 70-meters bakke, 45-metersbakke, 25-metersbakke og 10-metersbakke.

Konklusjon:

Vidare utvikling og utbygging av Jordalen hoppanlegg bør prioriterast i neste planperiode.

5.3.4 Skiløyper

I og omkring dei enkelte reiselivsområda i Midt-Gudbrandsdalen er det i dag opparbeidd gode løypenett for langrenn, trening og turskigåing. På vestsida av Gudbrandsdalen er løypenettet i det alt vesentlege godt samordna og tilrettelagt over kommunegrensene mellom dei tre kommunane, mykje i regi av reiselivsbedriftene. På austsida derimot er slik samordning gjort i mindre grad, m.a. pga dei restriksjonane på løypekøyning som er gitt i Rondane nasjonalpark.

For lokalbefolkninga, hytteeigarar og gjester på reiselivsbedriftene er det ønskeleg at dette nettet av skiløyper er best mogleg opparbeidd og vedlikehalde gjennom heile skisesongen. Skal reiselivsområda greie konkurransen om gjester, er det heilt nødvendig at skiløypene til ei kvar tid er i god stand. Det krev store ressursar å følgje opp dette.

Finansieringa av preparering av skiløypene er omtala i pkt. 4.4.1.2.

Sjølv om prinsippet om fri ferdsel i utmark framleis må gjelde, vil det ikkje vera urimeleg at ein viss del av kostnadene med å tilretteleggje preparerte skiløyper blir dekt av brukarane, gjennom til dømes parkeringsavgift eller frivillige betalingsordningar. Det offentlege har dei siste åra gitt større løypetilskott enn før, og trass ønske om høgare kommunalt tilskott, er det lite foreinleg med kommunane sine økonomiske rammer. Løypelag og andre blir derfor oppmoda om å få på plass plakatar med til dømes enkle betalingsløyser (som Vipps) ved løypestart slik at brukarar enklare kan bidra til godt løypetilbod.

Konklusjon:

Stønad til løypekøyning bør til ein viss grad vidareførast, samstundes som ein oppmodar til nye løyser for å betre finansieringa.

5.3.5 Flatmoen skøytebane

Sør-Fron idrettslag er eigar og drivar av dette anlegget, som omfattar 400 m bane og klubbhus m.m. og er i god stand. Dette er det einaste noko større skøyteanlegget i Gudbrandsdalen. Det har derfor i mange år gitt grunnlag for til dels stor aktivitet blant skøyteløparar frå alle tre kommunane. Allidrettsgruppa til Vinstra IL, samt fleire av høgfjellshotella har lånt utstyr og skøytebanen på Flatmoen til aktivitetar. Det har også vore arrangert større regionale og nasjonale arrangement på Flatmoen. Dei siste åra er anlegget utvida med rulleskøytebane for sommartrening. Dei milde vintrane dei siste åra har bl.a. gjort det aktuelt å byggje kunstisanlegg.

I samband med rullering av plan for idrett og fysisk aktivitet i 2018 kom det ønske frå Sør-Fron idrettslag om at det blir bygd ein fleirbrukshall på Flatmoen. Idrettslaget meiner dette vil styrke

grunnlaget for heilårsaktivitet, større variasjon i trening og vera med å inspirere ungdom til å halde på med fysisk aktivitet lengre. I ein slik kan hall kan det også vera aktuelt å byggje kunstisanlegg. Det finst ikkje andre kunstisanlegg for hurtigløp mellom Hamar og Trondheim.

Norges skøyteforbund har overfor skøytemiljøet i Sør-Fron signalisert at det burde vore ein skøytehall i Gudbrandsdalen. Sør-Fron med Flatmoen har i fleire tiår vore sentral for skøytesporten i denne delen av Innlandet, og det er derfor naturleg at det dukkar opp planar om ein skøytehall/fleirbrukshall i vårt område. Etter årsmøtet i skøytegruppa 2018 vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle jobbe med idé og konsept.

Undervegs i arbeidet har gruppa landa på at dei ønskjer å utgreie mogleiken for å bygge ein slik hall på Gålå. Bakgrunnen for dette er mellom anna at beliggenheita høgt over havet gir mogleik for mykje raskare is enn om hallen hadde vorte bygd nede i bygda. Dersom planane blir gjennomført blir det Europas høgstliggande skøytehall.

Konklusjon:

Vidare utvikling av Flatmoen skøytebane, inkludert kunstisanlegg, bør prioriterast som eit regionalt tiltak. Alternativt bør kunstishall på Gålå byggjes, men kostnadsbiletet, særleg på drift, tilseier ikkje at kommunane kan vera med med økonomiske midlar i prosjektet.

5.3.6 Turstiar

Mange turstiar er lokale. Det er naturleg at kvar enkelt grend tek seg av opparbeiding og vedlikehald av desse, og at kvar enkelt kommune eventuelt gir tilskot. Eit omfattande turstinett på fjellet er opparbeidd og halde ved like av turistnæringa og/eller løypelag og frivillige organisasjonar på same måten som med skiløyper.

Nokre turstiar går over lengre strekningar og omfattar fleire enn éin kommune slik som DNT sitt stinett og Pilegrimsleia. Kommunane har vedlikehaldsansvar for Pilegrimsleia regulert av ei avtale mellom Innlandet fylkeskommune, kommunane langs leia og Pilegrimskontoret. Innlandet fylkeskommune bidreg med årlege løyvingar til kommunane i Innlandet for vedlikehald og utvikling av pilegrimsleia. Det fins i tillegg fleire mogleikar i høve tilskot til slike tiltak.

Konklusjon:

*Det bør prioriterast som regionalt tiltak å vedlikehalde enkelte av dei mest brukte turstiane som går innom meir enn ein kommune.**

*Sjå punkt 4.4.1.3 om Friluftslivets ferdselsårer.

5.3.7 Frya luftsportsarena

Frya luftsportsarena er drifta av Gudbrandsdal Flyklubb som er ein felles overbygging for luftsportsmiljøet i Gudbrandsdal og er tilknytta Norges Luftsportsforbund og Norges Idrettsforbund. Det har vore lagt ned mykje arbeid for å skape ein attraktiv arena for luftsportsmiljøet lokalt/regionalt og nasjonalt. Det vil bli lagt stor vekt på å utvikle eit idretts- og

rekreasjonsområde som er viktig for luftsportsmiljø samt tilrettelegging for at andre idrettar kan benytte anlegget. Eit anlegg som etter kvart kan brukast til større, utandørs arrangement.

Klubben sine satsningsområde er: Modellfly, seglfly, sportsfly og motorfly. Dette er aktivitetar som også barn og unge kan delta på frå 12-13-årsalderen.

Norges luftsportsforbund har gjennom ulike uttalar bekrefta at Frya flyplass er viktig innafor luftsporten i Norge som følgje av bl. a. beliggenheit og tilgjengelegheit.

Frya luftsportsarena v/Gudbrandsdal Flyklubb er tilslutta den nasjonale overbygginga for flyteneste. Det betyr at tenester blir utført etter nasjonal standard og kan ta ulike oppdrag frå styresmaktene som til dømes skogbrannvaktteneste, assistanse ved slokking av skogbrann, flyging for redningstenesta og andre samfunnsnyttige tenester.

I kommande planperiode er det behov for uviding av flyplassen frå 10 til 15 meters breidde, reasfaltering med nødvendig grunnarbeid og opprusting av øvrig infrastruktur som fellesareal/uteområde, taxevegar, oppstillingsplassar for seglfly m.m. Dette inkluderer også tiltak knytt til universell utforming for at Frya Luftsportsarena skal ha god tilgjengelegheit for brukarar med nedsett funksjonsevne.

Konklusjon:

Vidare utvikling av Frya luftsportsenter bør prioriterast høgt som eit regionalt tiltak i kommande planperiode.

5.3.8 Frya hestesportsenter

Midt-Gudbrandsdal ride- og kjøreklubb (MGRK) vart etablert i 1975 og er eigar og drivar av anlegget. Det er etablert ekvipasjar innafor fleire greiner og for alle aldrar. Anlegget er i god stand og omfattar to grusbanar på 50x80m og 20x60m samt ein ridehall på 20x60m. Det er også travbane og stallar på området. Ridehallen har tribuner, varmerom og kiosk.

MGRK ønsker å fortsette å utvikle Frya Hestesportssenter som klubben si hovudbase. Ridehallen stod ferdig i 2008, og treng oppgradering og vidare utvikling. Området eignar seg godt for hestesport med hovudvekt på greinene sprang, dressur og kjøring. Industribygg som etterkvart har kome tettare på har gjort det meir utfordrande med greinene feltritt og distanse da det krev større område med stiar/skogsvegar. Å sikre rekruttering til sporten krev at det er tilbod om rideundervisning på hestar ein kan låne, samt oppstallingsmogleikar for privateigde hestar.

Utviklingsområde for Midt-Gudbrandsdal kjøre- og rideklubb i kommande år:

- Tiltak for å betre tryggleik og ferdsel på området (innhegningar og stallboksar)
- Tilrettelegge for utvida handicapridning (rampe etc).
- Rehabilitering av belysning på utandørs ridebaner
- Isolering av ridehallen.
- Energibesparande tiltak som solcellepanel på tak, belysning i hallen.

- Oppgradering av stallar, utvide til fleire stallplassar for å imøtekomme aukande etterspørsel og rekruttering.

Konklusjon:

Frya hestesportanlegg har stort potensial og har ei aktiv drift. Tiltak med betring av tryggleik, tilrettelegging for utvida handicapridning og rehabilitering av utandørs belysning blir høgt prioritert som regionalt samarbeidsanlegg i komande planperiode.

5.3.9 Vinstra motorsportarena

Vinstra motorsportarena i Ruste i Nord-Fron er under utbygging. Store delar av anlegget er alt teke i bruk, baneanlegg og klubbhus er ferdige. Garderobe- og lager/verkstadbygg er under planlegging.

Konklusjon:

Prosjektet bør prioriterast høgt også i komande planperiode.



5.3.10 Fron badeland

Fron Badeland vart bygd og sto ferdig i 2010 som eit interkommunalt anlegg for Fronskommunane. Dette er eit anlegg som er mykje brukt, både av fastbuande og hyttefolk/tilreisande, og det har ført til at interessa for svømming har auka i området. Det er viktig med god og riktig marknadsføring av tilbodet, for å oppretthalde og kanskje auke bruken av anlegget. Her vil også særlege aktivitetar og arrangement vera viktige.

Konklusjon:

Det blir viktig å drifte, vedlikehalde og marknadsføre anlegget godt slik at det fortsatt blir mykje brukt. Sjå forøvrig eget punkt under kommunale tiltak, Sør-Fron.

5.3.11 Kunstgrasbaner

Det er bygd kunstgrasbaner på Fåvang, i Kåja på Vinstra og ved Eidesand i Nord-Fron. Sør-Fron kommune har også vore med og støtta kunstgrasbanen i Kåja. Banen er brukt av samarbeidslag i Fron. Kunstgrasbanar har ført til auka aktivitet for fotball, og har avlasta hallane slik at det blir lettare for andre innandørs idrettar og aktivitetar å få plass der.

Det har i dei siste åra vore mykje fokus på dei negative konsekvensane ved bruk av gummigranulat på kunstgrasbanar. I 2021 vart det vedtatt ny kunstgrasbaneforskrift. Forskrifta set mellom anna krav til utforming, slik at gummigranulat ikkje havnar utanfor anlegget.

Konklusjon:

Det blir viktig å vurdere kritisk eventuelt etablering av nye kunstgrasbanar i Midtdalen. Det må sjåast opp i mot aktivitetsnivået til kvar tid. Nye og eksisterande anlegg må rette seg etter gjeldande forskrifter.

5.3.12 Skytebaner

Det er i dag fleire skytebaner i Midt-Gudbrandsdalen, til dels fleire i kvar kommune. Ingen av desse har regional karakter, eller blir brukt som fellesanlegg på tvers av kommunegrensene. Fleire baner er i god stand, og er vidareutvikla i førre planperioden, det er bl.a. bygd eit kompakt sportinganlegg som det einaste i Gudbrandsdalen på leirduebanen ved Bleikmyra på Vinstra. For Ringebu og Fåvang er det foreslått å utvikle anlegget med innandørs skytehall på Trøstakermoen. Frå før finst det anlegg for elgbaneskyting i Skåbu og på Klinkenberg på Sør-Fron.

Skytebaner er kostbare å opparbeide og vedlikehalde. På grunn av støy frå slike anlegg er det også vanskeleg å finne areal som eignar. Dette tilseier at det er nærliggjande å utvikle felles anlegg på tvert av kommunegrensene. Skal ein få til det, er det nødvendig at dei aktuelle brukarar og organisasjonar utviklar eit godt samarbeid om prosjektet.

Ringebu og Fåvang Skytterlag er eigar av Trøstakermoen sentralskytebane og har i 2022 ferdigsstilt etablering av innandørs skytehall, 15-meters bane med 20 optiske skiver, sosialt rom og toalett med universell utforming i tilknytning til eksisterande skyttarhus på Trøstakermoen sentralskytebane. Denne banen er tilrettelagt for alle medlemmar i Ringebu og Fåvang skytterlag og andre aktive skyttarar i regionen, og vil vera eit viktig tilskot for innandørs trening og stemner i vinterhalvåret. Ringebu og Fåvang Skytterlag har i dag 544 medlemmar og er det største laget i Gudbrandsdal samlag. Ungdomsutvalet i skyttarlaget er svært aktivt og har fleire skyttarar i norgestoppen. Vidare forbetring av anlegget i kommande periode blir rehabilitering av det som står att på skyttarhuset som nå er bygd saman med skytehallen.

Konklusjon:

Tiltaka bygging av innandørs skytehall, sosialt rom og ombygging inngangsparti og toalettanlegg Trøstakermoen sentralskytebane blir prioritert i kommande planperiode for tildeling av spelemidlar. Det står att noko rehabilitering av det opphavlege skyttarhuset som også blir prioritert i kommande planperiode.

5.3.13 Gang- og sykkelveggar

Gang- og sykkelveggar er viktige i høve fysisk aktivitet, og blir mykje brukt. Det er viktig å leggje til rette for at desse blir samanhengande også mellom kommunane, slik som mellom Sør-Fron og Nord-Fron langs eksisterande E6.

Konklusjon:

Det bør prioriterast som tiltak å byggje ut gang- og sykkelveggar der dette er hensiktsmessig også over kommunegrensene.



6. Kommunevise tiltak

6.1 Ringebu

6.1.1 Framtidige aktivitetar i Ringebu

Aktivitetstilbodet i Ringebu er variert og godt takka vere frivillig innsats frå idrettslag og andre lag og foreningar. Det er svært viktig å ivareta frivilligheita og ikkje minst oppretthalde kommunal

driftsstøtte til idrettslaget og samarbeidsklubbar i Midt-Gudbrandsdalen. Tilbudet om gratis leige av idrettshall og gymsalar er eit viktig moment som gjer at tilboda kan vidareførast.

Ringebu kommune sitt folkehelsearbeid med vekt på fysisk aktivitet blir vidareført med tilrettelagte tiltak for både tilsette i kommunen og innbyggjarar. Stolpejakt er eit verdifullt og populært folkehelseiltak.

Frisklivssentralen Freskus sitt tilbod blir vidareført som ein kommunal helsefremjande og førebyggjande helseteneste med frisklivsrettleiar. Frisklivstilbodet som har til hensikt å fremje helse og førebygge sjukdom blir vidareført med eigen frisklivsrettleiar og tilbod for alle aldersgrupper samt Friskis&Svettis sine tilbod på Freskus. Treningstilbodet forøvrig blir vidareført på Freskus. Prosjektet «Rent senter» med Antidoping Norge blir vidareført på Freskus med jamlege informasjonsmøte mot idrettslag og ungdomsskule.

Ei vidare tilrettelegging av tur- og sykkelstiar i og rundt tettstadene og på fjelldestinasjonane vil vera viktig framover, det same med stolpejakttilbod.

Vidareføre avtale med Alpinco som gir god rabatt til bygdas ungdom på årskort i Kvitfjell.

6.1.2 Framtidige anlegg i Ringebu

Etter innspelsrunden i mai og administrativt arbeid har følgjande nye anlegg vorte foreslått:

- **Alpinco:** Utvikle Kvitfjell alpinanlegg som nasjonalanlegg og idrettsanlegg.
- **Ringebu Fåvang skytterlag:** Innendørs skytehall på Trøstakermoen i Ringebu med sosialt rom og ombygging av inngangsparti med universell utforming. Anlegget vart ferdigstilt i 2022. Spelemiddelsøknad for tildelingsåret 2021 og 2022 er godkjent, men ikkje bevilga og må fornyast i 2023 (sjå regionalt samarbeidsanlegg).
- **Ringebu Fåvang skytterlag:** Ferdigstille skytterhus.
- **Midt-Gudbrandsdal kjøre og rideklubb:** Frya hestesportsanlegg, sjå regionalt samarbeidsanlegg:
 - Tiltak for å bedre tryggleik og ferdsel på området (innhegningar og stallboksar)
 - Tilrettelegge for utvida handicapridning (rampe etc).
 - Rehabilitering av belysning på utandørs ridebaner
- **Frya luftsportsarena:**
 - Uviding av flyplassen frå 10 til 15 meters breidde samt reasfaltering med nødvendig grunnarbeid, sjå regionalt samarbeidsanlegg
 - Ombygging av toalett til universell utforming, opprusting av øvrig infastruktur som fellesareal/uteområde, taxevegar, oppstillingsplassar for seglfly m.m., sjå regionalt samarbeidsanlegg.

- **Ringebu kommune:** Fåvang stadion, Ringebu kunstgressbane tiltak gummigranulat (mindre tiltak gjennomført), ordinært anlegg.
Ringebu kommune: Liten aktivitetspark med min. fire aktivitetar ved Ringebu ungdomshus, ordinært anlegg.
- **Ringebu kommune:** Fåvang stadion, skifte av lysarmatur, rehabilitering. Ordinært anlegg
- **Ringebu kommune,** Dagsturhytte, friluftsanlegg
- **Ringebu Fåvang skiklubb:** Nærmiljøanlegg, skileikområde ved Trabelia lysløype
- **Nasjonalanlegg** i Ringebu Kvitfjell sjå kap 5.
- **Regionale anlegg i Ringebu:**
Trøstakermoen sentralskytebane sjå kap 5.
Frya Luftsportsarena, sjå kap 5.
Frya hestesportanlegg, sjå kap 5.
- **Ringebu & Fåvang jeger og fiskeforening:** Brandstedkampen leirdueanlegg blir rehabilitert med:
 - Nye overbygg med opphaldsrom på båe leirduestandplassane
 - Bygge lager
 - Flytte/rehabiliterer klubbhus

Ordinære anlegg:

Ringebuhallen

Det er høg aktivitet i Ringebuhallen. Ringebu og Fåvang idrettslag fyller hallen med trening alle ettermiddagar/kveldar og med kampar i helgene. Ringebuhallen ligger i nær Ringebu ungdomsskule som nyttar hallen som gymsal på dagtid. I førre periode vart det lagt nytt halldekke, tilrettelagt for universell utforming for tilgang til tribunar samt oppgradering av ventilasjonsanlegg i dusj og garderober.

Konklusjon:

Det er ikkje behov for rehabilitering og utbedringer i kommande planperiode

Frisklivssenteret Freskus

Ringebu kommune leiger lokalar til Frisklivssenteret og Freskus på Fåvang. Freskus opna i 2013 og har nå vore i drift i ni år. Det er mellom 250 – 300 medlemmar som er tilknytt senteret. Friskis og Svettis er ein samarbeidspartnar og har fleire saltreningar. Freskus har nyoppussa og fine lokalar. Ringebu kommune eig treningsutstyret som er i salen.

Konklusjon:

Frisklivssenteret Freskus fremjer fysisk aktivitet blant mange grupper og det er viktig at aktiviteten blir oppretthalde med ulike tilbod til alle brukargruppene. Drift og aktivitet bør

bli prioritert i kommunal økonomiplan. Det er ikkje behov for rehabilitering av anlegg i kommende planperiode.

Fåvang stadion

Kunstgrasbane, Fåvang stadion

Ringebu kommune er eigar av kunstgrasbanen og lysanlegg, det er inngått driftsavtale med Ringebu Fåvang fotballklubb. Tiltak for å minske utslepp av gummigranulat jfr. nye retningslinjer frå regjeringa. Sjå punkt 5.3.11 om Kunstgrasbanar. Tiltak med spelarsluse mellom bane og klubbhus, kumfilter i avløpskummer og oppsamling av snø ved brøyting er gjennomført i førre planperiode.

Rehabilitering av lysanlegg, Fåvang stadion.

Eksisterande lysanlegg er over ti år gammalt og det er behov for rehabilitering av lysanlegg på kunstgrasbanen. Fleire lysarmatur er øydelagt og det må byttast til ny ledbelysning. Eksisterande lysarmatur brenn i stykker og påfører høge utgifter ved utbytting. Kostnadmessig vil utskifting av alle lysarmatura vera lønnsamt også for framtidige strømkostnader.

Klubbhus og tribuner, Fåvang stadion

Ringebu Fåvang fotballklubb har bygd nytt klubbhus med garderobeanlegg og tribuner i førre planperiode og derfor er standard på tilboda gode.

Nærmiljøanlegg/Aktivitetspark ved Fåvang stadion

Det kan i framtida være behov for et nærmiljøanlegg/liten aktivitetspark for å trigge til eigenorganisert fysisk aktivitet i tillegg til fotballaktivitet.

Konklusjon tiltak på Fåvang stadion:

Rehabilitering av lysanlegg blir prioritert i planperioden.

Det er ikkje sannsynleg at større tiltak for utslipp av gummigranulat blir prioritert i kommande planperiode.

Det er ikkje sannsynlig at etablering av nærmiljøanlegg/aktivitetspark blir prioritert i kommande planperiode

Liten aktivitetspark ved Ringebu ungdomshus

Det er behov for å etablere aktivitetspark med minimum fire aktivitetar ved Ringebu ungdomshus. Aktivitetar som utandørs bordtennis, asfalt til uilk ballaktivitet, 3-er basket og mindre skateramper vil trigge til eigenorganisert fysisk aktivitet blant unge. Anlegget blir ein god møteplass for ungdom i sentrum og vil komme som et godt tilskot til pumprackbanen som ligg i same område.

Konklusjon:

Anlegget vil auke barn og ungdoms moglegheit til eigenorganisert fysisk aktivitet i nærmiljøet. Tiltaket blir prioritert i planperioden.

Brandstedkampen leirdueanlegg

Ringebu & Fåvang jeger og fiskeforening er eigar og driftar av anlegget. Anlegget har i dag ein overbygd standplass for fem skyttarar, og ein standplass utan overbygg for fem skyttarar. Det er også etablert eit klubbhus. Anlegget og bygningar bærer preg av at dei er gamle og det er behov for rehabilitering til dagens standard. Det skal byggjast to nye overbygg på standplass til både leirduebanane, rehabiliterer eksisterande standplass slik at den kan fungere som opphaldsrom og bygge lager for utstyr. Eksisterande klubbhus blir flytta ca 50 meter.

Konklusjon:

Oppgradering av anlegget vil auke standard på anlegget og vil bli prioritert i kommande planperiode.

Friluftsanlegg:

Dagsturhytte

Ringebu kommune har vedteke å byggje dagsturhytte med planlagt beliggenheit på Vardberget rett ovanfor Høgkleiva på Pilegrimsleia. Dagsturhytta blir da godt tilgjengeleg i gangavstand både frå Ringebu sentrum og Fåvang sentrum. Turstien til Dagsturhytta blir langs Pilegrimsleia anten frå sentrum eller frå Ringebu kyrkje eller Trøstaker, altså mogleik for lengre eller kortare gåtur.

Konklusjon:

Dagsturhytte vil auke innbyggjaranes mogleik til fysisk aktivitet i nærområdet. Tiltaket vil vil prioritert i planpeioden

Nærmiljøanlegg:

Skular:

Ringebu ungdomsskole: Tufteparken, fotballbane og volleyballbane ved Ringebu ungdomsskole er eit godt alternativ for elevar for eigenorganisert fysisk aktivitet. Det vil etterkvart vera behov for ytterligare aktivitetsmogleikar og belysning av området.

Fåvang skole og Ringebu skole: Barneskulane har gode uteområde med fleire aktivitetsmogleikar og ballbingar.

Gymsal Ringebu skole

Utbetring av gymsal og garderobar. Gymsalen på Ringebu skole ligg i ein gamal skulebygning med to plan og loft. Dusjar og garderobar er lagt til kjellar med dårleg standard. Gymsal og aktivitetsrom ligg på plan 1 og det er ikkje heis i bygget. Det er behov for utbetring av gymsal og bygging av garderobar som tilfredstiller dagens krav og tilrettelegging for universell utforming.

Konklusjon:

Tiltak ved skulane blir ikkje prioritert i planperioden i påvente av resultat frå pågåande skulebruksanalyse.

Nærmiljøanlegg Skileikområde ved Trabelia lysløype

Mindre opparbeiding av skileikområdet er gjennomført og vil halde fram for etablering av skicrossarena i neste planperiode.

Konklusjon:

Anlegget vil auke små barns skiferdigheiter og trigge til vidare skiglede og aktivitet.

6.2 Sør-Fron

6.2.1 Framtidige aktivitetar i Sør-Fron

Aktivitetstilbodet i Sør-Fron må framleis seiast å vera ganske varierte. Dette takka vera dei tilboda idrettslaga, særklubbane og andre står for. Enkelte aktivitetar er noko trendbasert og har stutt levetid. Andre att er smalare og famnar færre. Likevel er det viktig at også desse får kommunal støtte når dei dukkar opp, fordi dei kan fange opp andre grupper enn dei som vanlegvis er idrettsaktive. Eit av innspela som har kome i planarbeidet er frå Sør-Fron IL som ønskjer ei breiare satsing på forskjellige idrettar for å inkludere alle innbyggjarar i kommunen.



Behovet og utfordringane i Sør-Fron skil seg ikkje særleg frå dei andre kommunane. Mange er fysisk inaktive i skule/jobb og fritid. Dette ser vi mellom anna i Folkehelseprofilen for Sør-Fron og i Ung Data-undersøkingane. Derfor er det viktig å stimulere til trim og fysisk aktivitet på eit lågterskelnivå. Trenden med mykje turgåing er positiv. Enkel tilrettelegging med turstiar, og dessutan fleire gang- og sykkelveggar er viktig i denne samanhengen. Stimuleringstiltak slik som kommunens eige "Stolpejakt i Sør-Fron" har god oppslutning og bør vidareførast.

Frisklivssentralen og ilbodet på Hjertebanken bør vidareførast og gjerast betre kjent blant aktuelle brukarar.

Sør-Fron kulturhus har gratis halleige for barn og unge.

Fleire av innspela i innspelsrunden peikar på meir bruk av turstigar i kommunen. Det blir peikt på at fleire stiar gror att i løpet av av sommaren og at mange ikkje veit om dei. Innspela peikar på at

kart og skilting bør prioriterast frå kommunen for at lokalbefolkning og fritidsinnbyggjarar kan nytte seg av alle dei fine stiane (både for gåande og syklende) i kommunen.

Sør-Fron eldreråd meiner det er svært viktig at det blir sett av ressursar til vidare arbeid med å sikre gode turstigar og turskiløyper i Sør-Fron, særleg i tilknytning til tettstadene. Eldrerådet meiner Stolpejakten må vidareførast som kommunal folkehelsesatsing, gjerne i samarbeid med frivilligheita og idretten. Det er viktig at gang- og sykkelvegane i sentrumsnære område blir godt halde vedlike, og gratis halleige for barn og unge må vidareførast.

Funksjonsevnerådet er fornøgd med stolpejakten som eit lågterskeltilbod og ønskjer at kommunen held fram med dette arbeidet. Om det er mogleg, ønskjer dei at ein får til fleire stolpar der «alle» kan komme til. Også funksjonsevnerådet ønskjer at kommunen vidarefører gratis halleige til barn og unge, og elles at ein opprettheld dei gode tilboda ein har.

Ungdomsrådet ønskjer at badeplassen på Harpefoss-tippen blir opparbeidd på ein god måte som offentleg badeplass, gjerne med ein liten kiosk i tilknytning til badeplassen. Ungdomsrådet ønskjer at utebasseng ved Fron badeland blir prioritert og at skiskyttarenaen på Gålå blir ferdigstilt. Ungdomsrådet meiner også at uteområdet ved Sør-Fron ungdomsskule er altfor dårleg tilrettelagt for aktivitet i friminutta og på fritida. Det er lite eller ingenting å finne på. Derfor må det jobbast med å skape skikkelege aktivitetsområde på ungdomsskulen (nærmiljøanlegg) – gjerne innkjøp av aktivitetsapparat og bygging av frisbeegolfbane.

Det vil vera nødvendig med ei grundig behovsvurdering jamfør «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» og rettleiar for planlegging og bygging av idrettshallar.

6.2.2 Framtidige anlegg i Sør-Fron

Etter innspelsrunden i mai/juni 2022 og høringsrunde hausten 2022 har følgjande nye tiltak vorte foreslått:

- Dagsturhytte
- Espedalen sti- og løypelag: Etablering av fleirbruksveg/ turveg mellom Vassenden og Slangen.
- Sør-Fron IL: Pumptrackbane, Flatmoen
- Sør-Fron IL: Fleirbrukshall Flatmoen (ev. Gålå)
- Harpefoss IL: Vidareutvikling av anlegget i Brudalen
- Ny trasé for Pilegrimsleia mellom Jetlundsbakkane
- Utebasseng, Fron badeland
- Vidareutvikling av tilbodet i Sør-Fron kulturhus
- Sør-Fron kommune: Uteområde SFU/Nye Sør-Fron skule
- Offentleg badeplass på Harpefoss-tippen

Dagsturhytte

Sør-Fron kommune har vedtatt å byggje dagsturhytte. Beliggenheit er ikkje avklart.

Konklusjon:

Dagsturhytte vil auke innbyggjarane sine mogleikar til fysisk aktivitet i nærområdet.

Tiltaket vil vil prioritert i planperioden.

Fleirbruksveg/turveg, Espedalen

Espedalen sti- og løypelag har lenge hatt ønske om å etablere ein samanhengande sykkel-/turveg på vestsida av Espedalsvatnet/Breidsjøen som gjer det mogleg å sykle frå Vassenden i Espedalen til Slangen. Sykkelvegen vil passere det nye informasjonspunktet til Langsua nasjonalpark, som er sett opp på Verksodden i Espedalen. Realisering av vegen føreset rydding/utbetring av den delen av vegen som går gjennom Sør-Fron kommune. Løypelaget har i høyringsrunden presisert at dei ikkje har mogleik til å gjennomføre arbeidet sjølve. Eventuell gjennomføring må i så fall bli eit samarbeid med fleire aktørar i Espedalen.

Konklusjon:

Ei utbetring og tilrettelegging vil gi auka bruk og dermed auka fysisk aktivitet. Det vil etter ei utbetring også vera mogleg å bruke stien/vegen til skiløype om vinteren. Blir prioritert i planperioden dersom tiltakshavar finn samarbeidspartnarar for realisering av tiltaket.

Flatmoen idrettsanlegg, pumptrackbane

Sør-Fron IL har planar om bygging av pumptrackbane på Flatmoen. Dette er eit nærmiljøanlegg i eit allereie eksisterande godt anlegg, og har potensiale til å bli eit nytt og kjærkome sosialt treffpunkt særleg for barn og unge. Oppstart 2023.

Konklusjon:

Anlegget vil ha stor betydning for den totale bruken og tilgjengelegheita, og tiltaket blir prioritert i planperioden.

Flatmoen idrettsanlegg, fleirbrukshall

Det er i følge Sør-Fron IL behov for «ein dedikert idrettshall/fleirbrukshall plassert på Flatmoen som ikkje blir delt med kultursektoren. Spesielt handball, fotball og ski/friidrett har ein kamp kvart år om å få nok halltid og det blir ofte for lite, eller ingen tid i det heile.»

Idrettslaget skriv vidare at fleirbrukshallen også er «tiltenkt E-sport som er eit satsingsområde for Sør-Fron IL som eit verkemiddel for å få flest mogleg unge involvert og aktive i idrettslaget. Det er også stort behov for nytt garderobebygg på Flatmoen. Det bør bli etablert i den nye fleirbrukshallen og det gamle bygget bør da rivast.»

Konklusjon:

Tiltaket blir prioritert i planperioden.

Brudalen

Brudalen er eit populært nærmiljøanlegg som tilbyr ulike aktivitetar for innbyggjarar i alle aldrar. Harpefoss idrettslag ønskjer å vidareutvikle Brudalen som sosialt treffpunkt ved til dømes å sette opp leikestativ og gjere nødvendige og større utbetringar av den eksisterande fotballbanen.

Konklusjon:

Tiltaket blir prioritert i planperioden.

Pilegrimsleia, ny trasé

Pilegrimsleia gjennom Sør-Fron går stort sett langs stiar i skog og ut- og innmark. Nokre få stader går leia langs veg, og frå Jetlundsbyggane til Hundorp, går leia langs gamle E6. Det er ønskeleg å arbeide for å finne ein betre trasé i dette området.

Konklusjon:

Tiltaket blir prioritert i planperioden.

Utebasseng, Fron badeland – Fronsbadet

Fron badeland vart opna i 2010, og er eit samarbeidsanlegg eigd av Nord-Fron og Sør-Fron kommunar. Driftsmarginane ved anlegget er små, og besøket er svært væravhengig. Ein ønskjer derfor å ha fleire bein å stå på, når godversdagane slår inn.

Det har lenge vore eit stort ønske frå gjestar ved badelandet med eit utandørs tilbod knytt til badeanlegget. Det er derfor planar om å utvide tilbodet ved Fron badeland, til også å omfatte eit uteområde, med eget utesvømmebasseng.

Sommarstid er mange av innbyggjarane i Fron utandørs på bading, både i Gudbrandsdalslågen og i fjellvatn rundt omkring. Vi veit at eit slik utandørs tilbod ikkje vil erstatte dette, samstundes har ein ikkje tilsyn, tryggleikssyn og badevaktar utandørs. Derfor kan eit utandørs basseng på Harpefoss vera førebyggjande.

Konklusjon:

Eit utebasseng vil styrke grunnlaget for drifta ved Fron badeland og vera eit kjærkomment tilbod for fysisk aktivitet i vatn i Midt-Gudbrandsdalen. Tiltaket blir prioritert i planperioden.

Vidareutvikling, Sør-Fron kulturhus

Sør-Fron kulturhus er eit fleirbrukshus, beståande av idrettshall og kulturhus. Bygget treng ei kraftig oppgradering for å møte nye behov, deriblant nytt golv/rehabilitering av dekke, samt ombygging i samband med at området skal brukast til nytt skulebygg.

Konklusjon:

Tiltaket blir prioritert i planperioden.

Uteområde Sør-Fron ungdomsskule/Sør-Fron nye skule

Her er det søkt og innvilga spelemidlar tidlegare. Må sjåast i samanheng med ny skule.

Konklusjon:

Tiltaket blir ikkje prioritert i planperioden, og må sjåast i samanheng med bygging av ny skule.

Offentleg badeplass på Harpefoss-tippen

Dette er eit privat område som er mykje brukt av folk i Sør-Fron til friluftaktiviteter og bading.

Konklusjon:

Tiltaket blir ikkje prioritert i planperioden. Det er ikkje eit kommunalt ansvar å opparbeide badeplassar utandørs.

6.3 Nord-Fron

6.3.1 Framtidige aktivitetar i Nord-Fron

Nord-Fron kommune har eit variert aktivitetstilbod tilrettelagt av organisasjonar som idrettslag med ulike undergrupper, spesialgrupper, særklubbar og skyttarlag.

Kommunen har fri halleige til barn og unge under 19 år, og det er politisk bestemt at dette tiltaket skal vidareførast.

Det er viktig å utvikle, merke, sikre, leggje til rette og vedlikehalde gangvegar og tur- og kulturstiar i nærområda i samarbeid frivillige lag og organisasjonar.

Det er viktig å ha fokus på vedlikehald av eksisterande anlegg, og det er viktig å leggje til rette for å oppretthalde aktiviteten i dei ulike anlegga. Hovudinnsatsen bør rettast mot å få dei som er minst aktive meir aktive mellom anna ved å leggje til rette for aktivitet i nærmiljøet.

Konklusjon:

Nord-Fron kommune har generelt nok anlegg som dekker dei aktivitetane vi har i kommunen. Det er viktig å støtte drift, vedlikehald og oppgradering av dei anlegga vi har, og som er under bygging og planlegging i dag. Kommunen må vera med å opparbeide og leggje til rette anlegg som stimulerer til eigenorganisert aktivitet.

7. Handlingsplan: prioritering av tiltak og anlegg

7.1 Regionale anlegg

Desse regionale samarbeidsanlegga skal prioriterast for gjennomføring i planperioden 2023-2026.

Anlegga blir prioritert i nummerrekkefølge under den enkelte kommune, da det er vertskommunen som årleg reviderer handlingsplanen og prioriterar søknader til spelemiddelordninga

- Vinstra motorsportarena for Ringebu, Sør-Fron, Nord-Fron.
- Fron Badeland for Sør-Fron og Nord-Fron
- Gållå Idrettsanlegg for Sør- og Nord-Fron (langrenn, skiskyting)
- Jordalen Hoppanlegg for Ringebu, Sør-Fron, Nord-Fron
- Flatmoen skøytebane for Ringebu, Sør-Fron, Nord-Fron
- Turstiar, Sykkelstiar og Pilegrimsleia: Pilegrimsleia: Ansvar for skjøtsel og andre tiltak regulert av avtale mellom kommunane, Oppland fylkeskommune og Pilegrimskontoret.
- Gang- og sykkelveggar
- Kvitfjell Alpianlegg for Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron (nasjonalanlegg, men også regionalt anlegg)
- Frya Luftsportsarena for Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron
- Innandørs skytehall på Trøståkermoen på Fåvang for Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron
- Frya hestesportsenter for Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron

7.2 Kommunevise anlegg

7.2.1 Ringebu

7.2.1.1 Aktivitetar

Desse aktivitetane skal prioriterast for oppfølging i planperioden 2023 – 2026:

- Legge til rette for tiltak som fremjer fysisk aktivitet, særleg i nærområda, som stolpejakt og Dagstyrhytte
- Oppretthalde gratis bruk av Ringebuhallen og gymsaler til idrettsaktiviteter
- Ei vidare tilrettelegging av tur- og sykkelstiar i og rundt tettstadene og på fjelldestinasjonane vil vera viktig framover.
- Oppretthalde driftsstøtte til idretten på dagens nivå.
- Frisklivssentralen Freskus blir vidareført som kommunal helsefremjande og førebyggjande helseteneste med frisklivsrettleiar
- Friskis og Svettis sine tilbod på Freskus blir vidareført
- Anitdopingprosjektet «Rent senter» blir vidareført med Antidoping Norge
- Gi støtte til idretten for å vedlikehalde og utvikle baneanlegga
- Oppretthalde støtte til skiløypekjøring på dagens nivå.
- Legge til rette for nærmiljøanlegg/aktivitetsparkar som triggar til fysisk aktivitet
- Vidareføre avtale med Alpinco som gir rabatterte årskort for barn og unge i Kvitfjell Alpinanlegg
- Støtte opp om aktører som Ringebu sykkelgruppe og Værfast si satsning på stisykkeltilbod.

7.2.1.2 Prioritering anlegg Ringebu

Ordinære anlegg

1. **Ringebu – Fåvang skytterlag:** Innandørs skytehall med sosialt rom på Trøstakermoen sentralskytebane. Godkjent spelemiddelsøknad 2021 og 2022, blir fornya for 2023 og evt. 2024.
2. **Ringebu – Fåvang skytterlag:** Rehabilitering av Skytterhus på Trøstakermoen sentralskytebane, Godkjent spelemiddelsøknad 2021 og 2022, blir fornya for 2023 og evt. 2024.
3. **Ringebu – Fåvang skytterlag:** Skytterhus på Trøstakermoen sentralskytebane, ny søknad på rest tilgjengelig spillemidler på anlegget.
4. **Ringebu kommune:** Liten aktivitetspark ved Ringebu ungdomshus.
5. **Frya luftsportsarena:** Utviding av flyplassen frå 10 til 15 meters breidde samt reasfaltering med nødvendig grunnarbeid, sjå regionalt samarbeidsanlegg
6. **Frya luftsportsarena,** ombygging av toalett til universell utforming, opprusting av øvrig infrastruktur som fellesareal/uteområde, taxeveggar, oppstillingsplassar for seglfly m.m.
7. **Ringebu kommune:** Fåvang stadion, skifte av lysarmatur, rehabilitering
8. **Frya hestesportsanlegg,** regionalt samarbeidsanlegg
 - Tiltak for å betre tryggleik og ferdsel på området (innhegningar og stallboksar)
 - Tilrettelegge for utvida handicapridning (rampe etc).
 - Rehabilitering av belysning på utandørs ridebaner
9. **Ringebu & Fåvang jeger og fiskeforening:** Brandstedkampen leirdueanlegg blir rehabilitert med:
 - Nye overbygg med opphaldsrom på både leirduestandplassane
 - Bygge lager
 - Flytte/rehabiliterer klubbhus

Friluftsanlegg

1. Dagsturhytte på Høgkleiva, med sanitæranlegg

Prioritering av anlegg kan bli endra da prioritering vedtas årleg jfr. innkomne søknader frå idrettslag og kommunar.

7.2.2 Sør-Fron

7.2.2.1 Aktivitetar

Desse aktivitetane skal prioriterast for oppfølging i planperioden 2023 – 2026:

- Vidareføre gratis halleige for barn og unge.

- Fortsatt gi støtte til lag og organisasjonar til drift, aktivitet og vedlikehald av anlegg.
- Frisklivssentralen skal vidareførast og gjerast betre kjent blant aktuelle brukarar.
- Halde fram med tiltak som legg til rett for at flest mogleg kan vera i fysisk aktivitet, særleg i nærområda, som til dømes vedlikehald av turstiar, Stolpejakt osv.
- Fortsetja med støtte til vedlikehald og oppgradering av skiløyper, tur- og sykkelstiar.
- Oppretthalde støtte til skiløypekjøring på dagens nivå.

7.2.2.2 Prioritering anlegg Sør-Fron

Ordinære anlegg

1. Fleirbrukshall u/kunstisanlegg inkludert garderobebygg Flatmoen
2. Fleirbrukshall m/kunstisanlegg, Flatmoen (ev. Gålå)
3. Vidareutvikling av Brudalen, nærmiljøanlegg og fotballbane
4. Etablering av fleirbruksveg/turveg mellom Vassenden og Slangen
5. Utandørs svømmebasseng, Fron badeland
6. Vidareutvikling, Sør-Fron kulturhus

Friluftsanlegg

1. Dagsturhytte

Nærmiljøanlegg

1. Pumptrackbane, Flatmoen
2. Folkehelsepark ved Sør-Fron ungdomsskule, Glasmestermoen

Prioritering av anlegg kan bli endra da prioritering vedtas årleg jfr. innkomne søknader frå idrettslag og kommunar.

7.2.3 Nord-Fron

7.2.3.1 Aktivitetar

Desse aktivitetane skal prioriterast for oppfølging i planperioden 2023 – 2026:

- Vidareføre gratis leige av kulturbygg for barn og unge, og støtte til lag og organisasjonar til drift, aktivitet og vedlikehald av anlegg.
- Kommunen bør målretta støtte opp om organisasjonar som motiverer og legg til rette aktivitet for særleg barn, unge, funksjonshemma og eldre si utøving av fysisk aktivitet.
- Kommunen bør leggje til rette for friluftaktivitetar og lågterskeltilbud, særleg i nærområda som er lett tilgjengelege for dei fleste.
- Fortsetja med støtte til vedlikehald og oppgradering av skiløyper, tur- og sykkelstiar.

7.2.3.2 Prioritering anlegg Nord-Fron

Desse anlegga skal prioriterast for utbygging i planperioden 2023 – 2026:

Ordinære anlegg:

1. Midt-Gudbrandsdal motorsportklubb – Vinstra motorsportarena – klubbhus.
2. Midt-Gudbrandsdal motorsportklubb – Vinstra motorsportarena – lager for driftsutstyr.
3. Midt-Gudbrandsdal motorsportklubb – Vinstra motorsportarena – garderober.
4. Vinstra idrettslag – rydding og merking av turstigar.
5. Vinstra skyttarlag – innandørs miniatyrskytebane.
6. Kvam idrettslag – rehabilitering av Kvamhytta.

Friluftsanlegg:

1. Dagsturhytta

Nærmiljøanlegg:

1. Uteområde ved Vinstrahallen

Nye tiltak:

- Utvikle, sikre, tilrettelegge og vedlikehalde gangvegar og tur- og kulturstiar i nærområda i samarbeid med frivillige organisasjonar
- Gåå idrettsanlegg AS – Jordalen hoppanlegg – skileikanlegg

Prioritering av anlegg kan bli endra da prioritering vedtas årleg jfr. innkomne søknader frå idrettslag og kommunar.

8. Vedlegg

1. Oversikt over lag og organisasjonar innafor idrett og friluftsliv.
2. <http://www.ungdata.no/Kart>
3. <https://www.fhi.no/hn/helse/folkehelseprofil/>
4. [Statlig idrettspolitik inn i en ny tid \(rapport frå Fjørtoft-utvalet\)](#)
5. [Innlandsstrategien](#)
6. [Kulturstrategi for Innlandet fylke](#)
7. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029: [Sammen om aktive liv](#)
8. Regjeringens idrettsstrategi: [Sterkere tilbake – en mer inkluderende idrett](#)
9. [Stortingsmelding nr. 18: Friluftsliv](#)